


Viltet i Ulvik

Kartlegging av viktige viltområde
og status for viltartane



Ulvik herad og
Fylkesmannen i Hordaland
2002

Viltet i Ulvik

Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane

Ulvik herad og
Fylkesmannen i Hordaland
2002

MVA-rapport 1/2002

Foto på framsida frå øvst (namn på fotograf i parentes):

Rein (Tore Wiers), Fjellrev (Olav Strand), Fjellrype (Tore Wiers), Sandlo (Tore Wiers), Raudstilk (Tore Wiers), Storfugl (Tore Wiers), Raudstrupe (Tore Wiers).

Illustrasjonar (tala viser til side i rapporten):

Kjøpt inn av Direktoratet for naturforvaltning: 18, 19, 20, 21, 22, 23, 25, 26, 27, 28
Viggo Ree: 29, 32

Ansvarlege institusjonar: Ulvik herad og Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavingdelinga	Rapport nr: MVA-rapport 1/2002
Tittel: Viltet i Ulvik. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane	ISBN: 82-8060-002-7 ISSN: 0804-6387
Forfattarar: Olav Overvoll og Tore Wiers	Tal sider: 48
Kommunalt prosjektansvarlig: Kjersti Finne (jordbrukssjef), Torunn Reinsnos (vikarierende jordbrukssjef)	Dato: 01.07.2002
<p>Samandrag:</p> <p>På bakgrunn av interesse frå Ulvik viltneid og initiativ frå Fylkesmannen si miljøvernavingdeling, har Ulvik herad gjennomført revidering av eksisterande viltkart for heradet. Målet med kartlegginga har vore å gje heradet ei oppdatert oversikt over viktige viltområde til bruk i arealforvaltninga. Det er òg eit ønskje at kartlegginga skal føre til ei auka interesse for vilt og viltforvaltning.</p> <p>Medan det gamle viltkartet nesten utelukkande omhandla jaktbare artar, omfattar det nye kartverket alle viltartar i høve til det utvida viltomgrepet: Alle førekomande artar innan gruppene amfibiar, krypdyr, fugl og pattedyr. Det er lagt spesiell vekt på artar med økonomisk og rekreativ verdi (først og fremst hjortevilt), truga- og sårbare artar (raudlisteartar), område som er viktige for enkelte artar eller artsgrupper og område som er spesielt artsrike.</p> <p>Kartverket inneheld fire kart: Eit hjorteviltkart, eit småviltkart, eit kart med opplysningar unnateke offentlegheit og eit kart over prioriterte viltområde (viktige- og svært viktige viltområde). Karta føreligg både i trykt og digital form. To av karta er vedlagt rapporten; hjorteviltkartet og prioriteringskartet. Rapporten er eit viktig supplement til karta og inneheld generelt stoff om viltforvaltning, litt om korleis kartlegginga i Ulvik har blitt gjennomført, ein omtale av dei ulike viltområda og ei fullstendig oversikt over alle viltartar som er registrerte i Ulvik.</p> <p>Åtte område i Ulvik er avmerka som svært viktige viltområde og 14 som viktige. I tillegg er det kartfesta 42 trekkvegar for hjortevilt. Det er registrert 204 viltartar i heradet: 1 amfibium, 1 krypdyrart, 169 fugleartar og 33 pattedyrartar.</p> <p>Ein har hatt avgrensa ressursar til kartleggingsarbeidet og resultatet må av den grunn ikkje reknast som fullstendig. M.a. er avgrensing av område i mange tilfelle mindre presis enn ønskjeleg. Situasjonen for viltet kan endre seg over tid, både naturleg og som ein følgje av tekniske inngrep og endra arealbruk. Det er difor naudsynt å oppdatere kartverket med jamne mellomrom både for å fange opp endringar i arealbruk og ny kunnskap om viltet. Ein oppfordrar lesarar som sit inne med opplysningar eller finn feil og manglar ved kartverket, til å melde frå om dette til heradet. Gjennom supplerande feltundersøkingar og opplysningar frå lokalkjende vonar ein at kartverket over tid kan bli både meir presist og meir komplett.</p>	
<p>Referanse:</p> <p>Overvoll, O. og Wiers, T. 2002. Viltet i Ulvik. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Ulvik herad og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 1/2002: 1-48.</p>	
<p>Emneord:</p> <p>Ulvik herad, biologi, zoologi, viltkartlegging, amfibiar, krypdyr, fuglar, pattedyr</p>	
<p style="text-align: center;">Ulvik herad 5730 Ulvik</p> <p>Tlf: 56 52 70 00, Fax: 56 52 70 01 www.ulvik.kommune.no</p>	<p style="text-align: center;">Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavingdelinga Postboks 7310 5020 Bergen</p> <p>Tlf: 55 57 22 00, Fax: 55 57 22 01 www.fylkesmannen.hl.no/mva</p>

FORORD

Kartlegging av viktige viltområde har vore eit nasjonalt satsingsområde sidan 1996. I rundskriv 3/1996 frå Direktoratet for naturforvaltning; "Viltkartet – retningslinjer for bruk" står det mellom anna:

Bakgrunnen for arbeidet med viltkartet har vært å skape et verktøy til bruk i beslutningsprosessen i offentlig viltforvaltning, med det formål å sikre viltets leveområder.

På bakgrunn av interesse frå Ulvik viltnemnd, tok fylkesmannen i Hordaland initiativ til å starte arbeidet med viltkartlegging i Ulvik herad. I tillegg til fagleg bistand, gav fylkesmannen tilsagn om midlar til arbeidet. I august 1998 vart det gjort vedtak i utviklingsstyret i Ulvik, om å løyve dei resterande midlane til prosjektet. Tore Wiers vart tilsett som prosjektleiar, og våren 1999 starta feltarbeid og innsamling av informasjon.

Det har vore eit stort lokalt engasjement i arbeidet med viltkartlegginga. I samband med kartlegginga vart det mellom anna gjennomført omfattande villteljingar både i 2000 og 2001. Under desse teljingane vart det lagt ned ein imponerende innsats av både grunneigarar, jegerar, lokalkjende, og elevar frå Hjeltnes gartnarskule for å nemne nokon. I tillegg er det mange som har stilt opp med viktig informasjon frå ulike delar av heradet. Styringsgruppa for prosjektet har vore breitt samansett av folk med mykje kunnskap om viltforvaltning og viltet i Ulvik. Undervegs har arbeidet vore utført i nært samarbeid med Ulvik viltnemnd. Leiar i viltnemnda Olav Rondestveit, som og var med i styringsgruppa, har lagt ned mange timar med frivillig arbeid. Dette arbeidet har vore svært viktig for det lokale engasjementet kring viltkartet. Prosjektleiar Tore Wiers har vore entusiastisk og dyktig, og inspirert oss andre til innsats.

Me vil takke Miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen for støtte i form av midlar og fagleg rådgjeving. Me vil særskild trekke fram det gode og positive samarbeidet me har hatt med førstekonsulent Olav Overvoll. Han har lagt ned mykje arbeid for å få kartlegginga ferdig, og ikkje minst i utforminga av denne rapporten.

Ein viktig føresetnad for at viltkartlegginga har kome i mål, er godt lagarbeid på næringskontoret i Ulvik herad. Skogbrukssjef Haakon Innset har tatt ein stor del av ansvaret for å få kartlegginga gjennomført, og noverande jordbrukssjef Torunn Reinsnos har tatt hand om innspurten med viltrapporten.

Me vonar at både tilsette i Ulvik herad og innbyggjarane i Ulvik vil ta viltrapporten og viltkarta aktivt i bruk. Viltkartet er viktig både i plansamanheng og som informasjonssjelde elles. Aktiv bruk er ikkje minst viktig for å sikre ei kontinuerleg oppdatering av innhaldet.

Takk til alle som har vore med!

For næringskontoret i Ulvik herad

Kjersti N. Finne

INNHALD

FORORD	5
INNHALD	7
INNLEIING	9
BAKGRUNN.....	9
LOVGRUNNLAG.....	9
INTERNASJONALE KONVENSJONAR.....	9
ANDRE SENTRALE DOKUMENT.....	10
KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR.....	10
UTFORMING AV VILTKARTVERKET	11
METODIKK FOR ARBEIDET I ULVIK	12
STYRING/ORGANISERING AV PROSJEKTET.....	12
INNSAMLING AV INFORMASJON.....	12
KARTFRAMSTILLING.....	12
NATURGRUNNLAGET	13
GEOGRAFISK Plassering og arealbruk.....	13
Landskap og geologi.....	13
KLIMA.....	13
VEGETASJON.....	13
SKILDRING AV VILTOMRÅDA I ULVIK	14
SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE.....	14
VIKTIGE VILTOMRÅDE.....	14
VIKTIGE TREKKVEGAR FOR HJORTEVILT.....	15
TRUA OG SÅRBARE ARTAR I ULVIK	16
GENERELT OM TRUA OG SÅRBARE ARTAR.....	16
"RAUDLISTER".....	16
STATUS FOR VILTET I ULVIK	18
AMFIBIAR.....	18
KRYPDYR.....	18
FUGLAR.....	18
PATTEDYR.....	28
BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTET	33
SKOGBRUK.....	33
JORDBRUK.....	33
FRILUFTSLIV OG FERDSEL.....	34
JAKT.....	34
ULOVLEG JAKT/ETTERSTREBING.....	34
BUSTADOMRÅDE OG INDUSTRI.....	34
VEGAR.....	34
VASSKRAFTUTBYGGING.....	35
KRAFTLEIDNINGAR.....	35
AVFALL.....	35
BRUKEN AV HØGFJELLET.....	35
INFORMANTAR	37
LITTERATUR	38
VEDLEGG 1. ARTSLISTE FOR ULVIK	39
VEDLEGG 2. KART	45
SKOG OG JORDBRUKSAREAL.....	46
HJORTEVILT.....	47
PRIORITERTE VILTOMRÅDE.....	48

BAKGRUNN

Naturområda våre blir i aukande grad utsett for inngrep av ulike slag. Utbygging av bustadfelt, industri og andre naturinngrep utgjer eit stadig større press på areala. I denne samanheng er det viktig også å integrere viltinteressene i planarbeidet. Bakgrunnen for å lage eit viltkartverk er først og fremst eit ønskje om at viltinteressene i større grad skal bli tatt omsyn til i arealforvaltninga, først og fremst på lokalt nivå gjennom kommuneplanen sin arealdel, men òg på regionalt- og nasjonalt nivå. Dei offentlege brukarane av kartverket vil først og fremst vere heradet, Fylkeskommunen, Fylkesmannen og Direktoratet for naturforvaltning.

Det er òg eit ønskje at viltkartverket skal bidra til å auke kunnskapen og interessa for vilt blant heradet sine innbyggjarar. Difor er det viktig at kart og viltrapport blir tilgjengeleg for skular og naturinteresserte i heradet.

Tidlegare viltkart har vore prega av einsidig fokusering på det jaktbare viltet. Dei nye viltkarta er meir omfattande og skal i prinsippet omfatte alle viltlevande landpattedyr, fuglar, amfibiar og krypdyr. Dette er i tråd med det såkalla utvida viltomgrepet, jamfør viltlova sin § 2. Det er ikkje økonomisk mogleg å kartleggje alle viltartar, det er heller ikkje praktisk forvaltningsmessig sett. Difor er det i kvar kommune gjort eit utval over kva artar og artsgrupper ein ut frå lokale, forvaltningsmessige omsyn meiner det er viktig å få kartlagt. Typiske døme er vinterbeite og viktige trekkveggar for hjort, hekkeplassar for rovfugl, spelplassar for storfugl, sjøfuglkoloniar, våtmarkslokaltitetar og spettelier (skogslirer med gammal skog, eldre ospeholt og god tilgang på død ved). Førekomstar av trua- og sårbare artar står sjølvsagt òg sentralt. På denne måten ønskjer ein å kartfeste område som er av særskilt verdi for ulike viltartar, og som ein difor bør ta spesielle omsyn til i arealplanlegginga.

LOVGRUNNLAG

At ein skal ta omsyn til viltet og viltet sine leveområde er grunnfesta i lovverket. Viltlova er den mest sentrale, men fleire andre sektorlover har relevans for viltforvaltninga.

- *Viltlova* legg rammer for forvaltninga og utøving av jakt og fangst. Sentralt står føremålsparagrafen, §1, som fastslår at *viltet og viltet sine leveområde* skal forvaltast slik at naturen sin produktivitet og artsmangfald blir bevart. §7 fastset at omsynet til viltinteresse-

ne skal innpassast i arealplanlegginga i kommune og fylke. Innpassing av viltinteressene i arealplanlegginga krev solid kunnskap om viltet i det aktuelle planområdet. Kunnskapen om ulike funksjonsområde må vere kartfesta, slik at arealplanleggjarar i sitt daglege arbeid kan ta dei naudsynte omsyn.

- *Plan- og bygningslova* av 1985 pålegg kommunen m.a. å utarbeide kommuneplanar for arealdisponeringa der alle samfunnsinteressar, også viltinteressene, skal vurderast.
- *Skoglova* av 1965 legg rammene for bruk og utnytting av skogareala. Lova sitt føremål er å fremje skogproduksjon, skogreisning og skogvern, men lova fastslår òg at det skal leggjast vekt på skogen sin funksjon som livsmiljø for plantar og dyr og som område for jakt og fiske. I Hordaland er ein relativt liten del av arealet skogkledd (ca. 17%), men skogsmiljøa er viktige viltbiotopar. Forvaltning og drift av desse områda er difor svært viktige i viltforvaltningssamanheng.
- *Naturvernlova*. Områdevern og vern av enkeltobjekt skjer med heimel i naturvernlova. Områdevern er eit viktig verkemiddel for å sikre spesielle naturområde. I Ulvik er to område verna etter denne lova: Ulvikpollen naturreservat og Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde.
- *Friluftslova* skal først og fremst avklare forholdet mellom grunneigarar og friluftsfolk, men lova nemner òg at ferdsel i utmark skal foregå omsynsfullt overfor grunneigarar, brukarar og andre. Ein skal difor òg ta omsyn til viltet ved ferdsel i skog og mark.
- *Lov om motorferdsel i utmark* av 1977 har som utgangspunkt at motorisert ferdsel i utmark skal vere forbode. Lova sitt føremål er å regulere motorferdsel i "*utmark og vassdrag med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen*". To tilhøyrande forskrifter av 1988 er òg sentrale her.

INTERNASJONALE KONVENSJONAR

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her den praktiske forvaltninga finn stad.

- *Ramsarkonvensjonen* (1975) gjeld vern av våtmarksområde, særleg med tanke på fuglar.
- *Washingtonkonvensjonen – CITES* (1975) regulerer den internasjonale handelen med trua og sårbare viltartar.

- *Bernkonvensjonen* (1979) har som føremål å verne europeiske artar av ville dyr og plantar, og leveområda deira.
- *Bonnkonvensjonen* (1979) gjeld vern av trua og sårbare viltartar som regelmessig kryssar landegrensene (trekkjande artar).
- *Riokonvensjonen eller biodiversitetskonvensjonen* (1992) legg opp til nasjonale prosessar der partane sjølv må identifisere biologisk mangfald som krev bevaringstiltak. Partane er dessutan forplikta til å utvikle nasjonale strategiar for berekraftig bruk og bevaring av biologisk mangfald. Riokonvensjonen er den som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen har truleg vore ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkjande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

ANDRE SENTRALE DOKUMENT

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til viltforvaltning. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse.

- St. melding nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfald
- St. melding nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken
- Miljøverndepartementet sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt"
- St. melding nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. melding nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St. melding nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald. Sektoransvar og samordning

KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR

Grunnen til at vern av viltet har blitt gjenstand for både internasjonale- og nasjonale lovverk og av-

talar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at vi sjølve er ein del av naturen og er heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

- *Økonomiske- og materielle argument:* Menneska har til alle tider vore avhengig av viltet for å overleve, og i nyare tid har viltet mange stader blitt ein viktig økonomisk ressurs. Sjølv om ikkje alle dyreartar er like viktige økonomisk og materielt i dag, kan andre artar kanskje få mykje å seie for oss i framtida. Eit *genetisk mangfald* er òg viktig for menneska si materielle og økonomiske utvikling. Husdyra våre er framavla frå eit fåtal ville artar. Ved stadig seleksjon på enkelte eigenskapar dukkar det alltid opp uforutsette problem, ved at visse uønskte eigenskapar følgjer dei ønskte eigenskapane. Seleksjon på eit fåtal eigenskapar fører òg til tap av genetisk variasjon. Ville populasjonar kan i denne samanheng vere naudsynt som kjelde til "nytt" genetisk materiale. Genforskning på ville dyr kan òg vere viktig i samband med vidare husdyravl fordi det hjelper oss til å forstå dei naturlege seleksjonsmekanismene.
- *Kulturelle- og estetiske argument:* Storviltjakt kan vere ein økonomisk viktig ressurs, men det er neppe økonomien som er drivkrafta bak jegeren sin motivasjon for å drive jakt. Jakt har lange kulturelle tradisjonar, og det å drive jakt er kanskje også ein del av mennesket sin nedarva biologi. Både for jegeren og andre natur- og friluftsiinteresserte, er opplevinga av naturen i seg sjølv ofte det viktigaste. Og sjølv om særinteressene er mange (fotografering, ornitologi, botanikk, bærplukking, mosjon osv.), er eit mangfald av viltartar ofte ei kjelde til rikare naturoppleving.
- *Etiske- og moralske argument:* Mennesket er den einaste dyrearten som med fullt medvit kan utrydde andre artar. Dette gir oss eit særskilt ansvar. Mange hevdar at alle levande organismar har den same retten til eksistens, uavhengig av om dei synes til nytte eller skade for mennesket. Vi har òg eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine moglegheiter for naturbruk og naturoppleving.

UTFORMING AV VILTKARTVERKET

Viltkartverket er samansett av fire kart:

1) *Hjorteviltkartet* inneheld informasjon om hjorteviltet sine viktigaste beiteområde og trekkvegar. Når det gjeld beiteområde for hjort og elg kan enkelte vinterbeite vere viktige å få kartfesta. Dette gjeld helst i område der det er sannsynlig at tilgang på vinterbeite kan vere ein minimumsfaktor i snørike vintrar.

2) *Småviltkartet* inneheld ei oversikt over viktige forekomstar og funksjonsområde for småviltet. I praksis dreier denne informasjonen seg stort sett om fuglar. Men spesielt viktige forekomstar for amfibiar kan òg vere viktig å kartfeste (t.d. alle forekomstar av stor salamander og viktige gyteplassar for frosk og padde).

3) *Kartet med skjerma opplysningar (ikkje offentleg)* inneheld m.a. hekkeplassar for rovfugl og spelplassar for storfugl. Desse opplysningane er untatt offentlegheit fordi det kan tenkast at opplysningane kan bli misbrukt og at allmen kjennskap til dei kan vere til skade for den aktuelle arten. Karta vil vere tilgjengelege for sakshandsamarar i heradet og hos Fylkesmannen, og vil først og fremst bli nytta i tilfelle der ein står framfor konkrete arealinngrep.

4) *Prioriteringskartet* (vedlegg) er framstilt med grunnlag i dei tre andre karta og viser område der viltet bør ha høg prioritet. Dette kartet vil vere det viktigaste når det gjeld å trekke opp dei store linjene i arealplanlegginga. Ein deler dei prioriterte viltområda i to kategoriar:

Svært viktige viltområde

Dette er område som ut frå artsførekomstar og funksjon blir vurderte å vere spesielt viktige. I desse områda bør viltinteressene bli tillagt avgjerande vekt i arealplanlegginga. Tekniske inngrep som fører til forringing av områda sin verdi for viltet er uønskt. Det same gjeld tiltak som fører til auka ferdsel og forstyrningar i området. Ved planlegging av tiltak eller aktivitetar i slike område, er det viktig at viltansvarlege på kommune- og fylkesnivå blir kontakta tidleg i planprosessen, slik at negative konsekvensar blir så små som mogleg.

Viktige viltområde

Også i desse områda bør ein gi viltinteressene høg prioritet i arealsaker. Desse områda har ikkje like avgjerande kvalitetar for viltet som dei svært viktige viltområda. Likevel gjeld dei same retningslinjene her.

Det er viktig å presisere at ein også i områda utanfor dei prioriterte viltområda, jamf. Viltlova pliktar å ta normale omsyn til viltet!

Sjølv om eit område blir klassifisert som viktig eller svært viktig viltområde, legg ikkje dette i seg sjølv restriksjonar på vanleg næringsverksomd som t.d. skogsdrift. Ein oppfordrar imidlertid den enkelte grunneigar til å ta særlege omsyn i slike område og rådføre seg med personar med fagkompetanse innan viltbiologi før eventuelle inngrep.

Vilt rapporten er ein viktig del av viltkartverket. Her finn ein mellom anna ei skildring av dei viktigaste viltområda med ei grunngjeving for kvifor dei har fått høg prioritet. I tillegg blir alle dei ulike artane som er registrert i kommunen omtala. Mange av artsomtalanane dannar viktig bakgrunn for å kunne sette artsinformasjonen på karta i rett perspektiv.

Viltkartverket er tilgjengeleg både i trykt- og digital form. Det komplette viltkartverket blir oppbevart av kommunen og Fylkesmannen si miljøvernavdeling. Hos Fylkesmannen blir opplysningane lagt inn i Naturbasen, ein nasjonal database for kartfesta naturinformasjon. Vilt rapporten og kart over prioriterte viltområde bør elles gjerast tilgjengeleg for alle som jobbar med arealplanlegging i kommunen, t.d. teknisk kontor og landbrukskontoret, og kan med fordel delast ut til skular, organisasjonar og interesserte ein-skipdpersonar.

Oppdatering og revisjon av viltkarta

Ein har hatt avgrensa ressursar til kartleggingsarbeidet, difor må resultatet ikkje rekast som fullstendig! Det er fullt mogleg at enkelte område som burde ha blitt klassifisert som prioriterte viltområde kan ha blitt oversett, eller at enkelte prioriterte viltområde har fått for vid avgrensing. Gjennom revideringar, som inkluderer informasjon både frå publikum og feltarbeid utført av fagfolk, vonar ein imidlertid at presisjonen i viltkartverket vil kunne forberast med tida.

Jamleg oppdatering av viltkartverket er viktig for å 1) påføre ny kunnskap og 2) fange opp eventuelle endringar i viltet sin bruk av arealet, anten det skuldast naturlege endringar eller endringar som følge av tekniske inngrep. Det blir anbefalt ein årlig gjennomgang av kartverket i samråd med Fylkesmannen for påføring av nye opplysningar eller korrigeringar. Det blir også anbefalt ein hovudrevisjon kvart fjerde år, i samband med revisjon av kommuneplanen.

Har du nye opplysningar eller forslag til endringar? Meld gjerne frå til heradet!

METODIKK FOR ARBEIDET I ULVIK

STYRING/ORGANISERING AV PROSJEKTET

Prosjektansvarleg har vore jordbrukssjef /sekretær i viltnemda Kjersti Finne. Rammene for kartlegginga har blitt diskutert og fastsett av ei styringsgruppe med representantar frå vilt-nemda, fjellstyret, skogeigarlaget, heradet, Fylkesmannen og konsulent/prosjektleiar. Avgrensing og vekting (verdivurdering) av område har blitt utført av ei arbeidsgruppe med prosjektleiar, to representantar frå viltnemda og konsulenten i samarbeid med Fylkesmannen.

Styringsgruppe

Kjersti Finne
Jordbrukssjef/sekretær i viltnemda (prosjektansv.)
Torunn Reinsnos
Vikarierende jordbrukssjef/sekretær i viltnemda
Olav Rondestveit
Leiar i Ulvik viltnemd
Olav Brandstveit
Tidl. leiar i Ulvik viltnemd
Nils L. Lekve
Leiar i Ulvik fjellstyre
Magnus Ljone
Tidl. leiar i Ulvik fjellstyre
Nils Rune Vambheim
Ulvik skogeigarlag
Haakon Innset
Skogbrukssjef
Torbjørg Austrud
Ulvik herad, plan- og miljøsjef
Gunnar Lehmann
Fylkesmannen si miljøvernavdeling
Tore Wiers
Viltkartleggar (konsulent/prosjektleiar)

Arbeidsgruppe

Kjersti Finne
Jordbrukssjef/sekretær i viltnemda (prosjektansv.)
Torunn Reinsnos
Vikarierende jordbrukssjef/sekretær i viltnemda
Olav Rondestveit
Leiar i Ulvik viltnemd
Olav Brandstveit
Tidl. leiar i Ulvik viltnemd
Tore Wiers
Viltkartleggar (konsulent/prosjektleiar)

I tillegg har følgjande personar vore til stades på styringsgruppemøta:

Gunnar Elnan, Eidfjord kommune
Jørgen Hallanger, Ulvik viltnemd
Jarl Håkon Gjerde, Ulvik viltnemd
Leif Lindvik, Vangsbygda grunneigarlag
Olav Lindebrekke, Grunneigarlaget (vest for Tysso)
Knut Sygnestvit, Grunneigarlaget (aust for Tysso)
Martin Svennes, Slondalen-, Dalen- og Brauone grunneigarlag

INNSAMLING AV INFORMASJON

Innsamling og kartfesting av viltopplysningar har blitt gjennomført av konsulenten. Følgjande informasjonskjelder er nytta:

- Intervju med personar med god kjennskap til lokale viltforhold
- Områdeopplysningar frå Naturbasen ved Fylkesmannen si miljøvernavdeling
- Tidlegare viltkart
- Litteratur
- Eigne feltregistreringar

KARTFRAMSTILLING

Viltkarta er utarbeidd i målestokk 1:50 000. Kartframstillinga er gjort av GIS-konsulent etter manuskart utarbeidd av prosjektleiar og arbeidsgruppa. Informasjon innhenta gjennom intervju og opplysningar frå lokalkjende er vurderte av arbeidsgruppa. Ellers er den generelle metoden for kartframstilling nærmare skildra i DN-handbok 11 (DN 1996).

Prioritering av viltområda (viktig- eller svært viktig viltområde) er gjort med fagleg skjønn på grunnlag av innsamla opplysningar og feltregistreringar, og har vore eit samarbeid mellom viltkartleggar, arbeidsgruppe og Fylkesmannen si miljøvernavdeling.

NATURGRUNNLAGET

GEOGRAFISK PLASSERING OG AREALBRUK

Ulvik herad ligg inst i Hardangerfjorden i indre Hordaland og grensar til Eidfjord, Ullensvang, Granvin og Voss kommunar i Hordaland og Aurland kommune i Sogn og Fjordane. Kommunen sitt totale areal er på 722 km². Av dette er 1% (5.750 da) jordbruksareal i drift og 6% produktiv skog. Arealet av ferskvatn utgjør òg omlag 6%. Omlag 80% av heradet sitt areal ligg ovanfor skoggrensa.

LANDSKAP OG GEOLOGI

Ulvik er prega av store høgdeforskjellar. Frå fjordarmene Osafjorden og Ulvikpollen og dalføra innanfor er fjellsidene relativt bratte og når raskt ei høgde på 700-800 m. Inst i Ulvikpollen er dalsidene mindre bratte og her finn ein størsteparten av busetjinga. Den marine grensa går ved ca. 100-120 m og både i Ulvik og Osa finn ein godt utforma terrassar. Berggrunnen er for ein stor del hardt grunnfjell, men enkelte stader finn ein meir lettforvitrande kambrosilurbergartar (fyllitt). Platået i ytterkanten av Hardangervidda ligg på ca. 1200 moh. Heradet sitt høgaste punkt ligg 1860 moh. på Hardangerjøkulen.

KLIMA

Ulvik ligg i ei sone med svakt kystpåverka (svakt oseanisk) klima, typisk for indre fjordstrøk på Vestlandet (Moen 1998). Lenger ute ved kysten er klimaet prega av milde vintrar og kjølige somrar, medan det i typiske innlandsklima er varme somrar og kalde vintrar. Ulvik ligg altså ein stad imellom desse ytterpunkta. Årsnedbøren i denne sona ligg typisk mellom 800 og 1500 mm, men kan vise stor lokal variasjon, ikkje minst på grunn av store høgdeforskjellar.

Gjennomsnittleg årstemperatur ved fjorden er 4-6°C. Gjennomsnittstemperatur i juli er 12-16°C og i januar -4- 0°C. Tilsvarende tal for

Finseområdet er høvesvis -6- -4°C, 4- 8°C og -10- -12°C.

VEGETASJON

Vegetasjonssona i låglandet langs fjorden i Ulvik vert kalla sørboreal sone eller sørleg barskogsona (Moen 1998). Barskogen (opprinneleg furu) dominerar, men ein finn òg areal med gråor og edellauvskog. Typisk for denne sona er eit sterkt innslag av artar med krav til høg sommartemperatur. Varmekjære treslag som alm, lind, hegg, eik, ask og hassel finn ein i hovudsak rundt Ulvikpollen, i varme urer og i næringsrike fyllittskråningar som t.d. i Norddalen. Alm kan ein finna opp til ca. 550 m.o.h., og hassel opp til 500 m.o.h. Eik er det mindre av i Ulvik enn lengre ute langs Hardangerfjorden. Det gjeld òg svartor som det finst lite av her inne. Ulvik ligg vest for grana sitt naturlege vekseområde i Noreg (naturlege granbestand finst imidlertid i Modalen og Voss kommunar), men sidan 1900-talet har mykje av furu- og lauvskogen vorte bytt ut med planta gran (omlag halve barskogsarealet er planta gran).

Den mellomboreal sona eller midtre barskogsona (Moen 1998) går i Ulvik frå ca. 500 m.o.h. til 700 m.o.h. Her er furu det dominerande treslaget. Sona opp mot skoggrensa på om lag 800 m.o.h. vert kalla nordboreal sone eller nordleg bar- og bjørkeskogsona (Moen 1998), og er dominert av bjørk med innslag av gråor og rogn.

Over skoggrensa finn ein dei låg-, mellom- og høgaltine sonene. Typisk for lågalpin sone er samfunn av blåbærhei og vier, medan den mellomaltine sona er dominert av grasheier og snøleier. I høgaltine sone, som t.d. områda rundt Hardangerjøkulen, manglar samanhengjande dekke av karplantar.

Ellers inneheld floraen i Ulvik både oseaniske artar, dvs. artar som høyrer heime langs kysten, som t.d. jordnøtt, blåknapp, pors og villapal, og austlege artar, dvs. typiske innlandsartar, som tyrihjelms og moskusurt (Djønne 2001).

SKILDRING AV VILTOMRÅDA I ULVIK

Gjennom viltkartlegginga er det avgrensa 22 område som er viktige for viltet i Ulvik: 8 særleg viktige- og 14 viktige viltområde (Kart 3). I tillegg er det registrert 38 trekkveggar for hjortevilt (Kart 2). Viltområda dekkjer ein stor del av heradet sitt areal, først og fremst fordi storparten av fjellområda i dei austlege delane av heradet er avgrensa som villreinområde. I det følgjande blir kvart eiskild viltområde gitt ein omtale der det blir grunngjeve kvifor området er viktig. Nummera på dei ulike viltområda refererer til områdenumera på viltkartet (prioriteringskartet). Det òg avgrensa eit antal "registrerte viltområde". Desse vil ikkje bli nærmare omtala fordi dei ikkje blir rekna som viktigare for viltet enn heradet sitt øvrige areal.

SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE

Omr. 1. Midtffjell

Kalvingsområde for villreinen på Oksenhalvøya.

Omr. 2. Hetlenes - Kyrkjehaugen

I lågareliggande delar av området, mot fjorden, dominerer frodig lauvskog. Høgare opp går lauvskogen over i furuskog, delvis gammal skog med innslag av skinnare skog og myr. Særleg lauvskogsområdet er viktig vinterbeite for hjort. Også viktige ilandsstigningspunkt for hjort som har symt over fjorden. Furskogsområdet inngår som viktig leveområde for storfugl. Fleire spetteartar er observert i området.

Omr. 3. Timberglia

Frodig lauvskogsli med viktig vinterbeite for hjort og viktig funksjon for spettefuglar.

Omr. 4. Bagnsneset

Del av samanhengande, gammal, delvis urørt furuskog. Viktig vinterbeite for hjort og elg. Også viktig leveområde for storfugl. Gammal skog med god tilgang på osp og død ved, gjer området viktig for fleire spetteartar.

Omr. 5. Ulvikpollen

Våtmarksområde prega av strandeng, brakkvassump og grunne brakkvassområde som blir blottlagt ved fjøre sjø. Delar av området har status som naturreservat.

Omr. 6. Onen

Del av same villreinområde som omr. 7.

Omr. 7. Fjellområda i aust, sentrale delar

Større, samanhengande fjellområde. Viktig funksjonsområde for villrein med beiteområde, kalvingsområde og trekkruiter. Området rundt

Rallarvegen og Finse er imidlertid sterkt påverka av ferdsel.

Sentralt område også for fjellreven. Fleire hi er kjent innanfor området og i 2001 vart det påvist yngling.

Omr. 8. Finsefetene

Svært viktig og særprega våtmarks- og fjellområde ved Finse. Mest interessant faunistisk er kanskje forekomsten av temmincksnipe, men fleire andre vadefuglartar som myrsnipe, raudstilk og sandlo hekkar også i området. Området har i ei årrekke blitt brukt som forskings- og undervisningsområde for universiteta i Oslo og Bergen.

VIKTIGE VILTOMRÅDE

Omr. 9. Midtffjellet

Fjellområdet på Oksenhalvøya. Leveområde for ei lita reinstamme (sjå artsomtalen under villrein). Hjorten har fleire trekkruiter gjennom dette området mellom beiteområda i fjordliene i Ulvik og Granvin.

Omr. 10. Askeim - Kvammen

Rik skogsli med både rik lauvskog, furuskog og kulturlandskap. Viktig vinterbeite for hjort og leveområde for spettar.

Omr. 11. Solsædalen

Øvre del av området dominert av furublandingskog. Viktig vinterbeite for elg og leveområde for storfugl. I nedre del av området, langs elva, er det fleire større granfelt.

Omr. 12. Ljonaheiane

Område med gammal furuskog på varierende bonitet. Viktig leveområde for storfugl.

Omr. 13. Vambheimsdalen

Høgareliggande furuskogsområde med innslag av myr. Det går fleire skogsbilveggar inn i området og delar av skogen er tildels omfattande utskifta til gran. Viktig vinterbeite for elg dei seinare åra. Også viktig leveområde for storfugl.

Omr. 14. Gjerde

Område med variert vegetasjonsbilette som omfattar både frodig lauvskog, furuskog, granplantfelt og dyrka mark. Viktig vinterbeite for hjort.

Omr. 15. Birgjetangen

Opphaveleg område med gammal furuskog. Store delar av skogen er relativt storvokst. Ein del hogst og planta gran. Området er likevel framleis hekkeområde for hønehawk. Elg og hjort har viktige vinterbeite i området og strand-

linja har viktige ilandstigningspunkt for hjort og elg på trekk over Osafjorden.

Omr. 16. Fjordlia aust for Osafjorden

Område med mange av dei same kvalitetane som område 39. Furudominert område men stadvis godt innslag av lauvskog. Vinterbeite for hjort og elg. Del av viktig leveområde for storfugl. Innslag av gammal osp. Fleire spettehol registrert i området. Langs fjorden er det registrert fleire kvileplassar for steinkobbe.

Omr. 17. Lia nord for Heimavatnet-Instavatnet

Viktig vinterbeiteområde i virerregionen for rypeartane.

Omr. 18. Lia aust for Osa

Bratt li med lauvskog og rasmark. Viktig vinterbeite for hjort. Hubro er både sett og høyrte i området, men status for arten i dag er usikker.

Omr. 19. Osadeltaet

Deltaområde med relativt grovkorna substrat med tilhøyrande grunne område ved fjorden. Viktig raste- og næringsøksområde for måsar og enkelte vadefugl og andefugl.

Omr. 20. Slondalsvatnet-Uppsetedalen

Viktig vinterbeiteområde i virerregionen for rypeartane. Området er ettertrakta som jaktområde og det blir stillt spørsmål om jaktpresset i området tidvis kan bli for stort. Rallarvegen og jernbanen gjer området lett tilgjengelig. Uppsetedalen blir tidvis brukt av villrein som beiteområde.

Omr. 21. Fjellområda i aust, randområda

Ytterkanten av sentrale fjellområde. Viktig del av leveområde for villrein og fjellrev, men er mindre sårbart enn sentrale delar av fjellområdet. Vierregionen kan ha viktig funksjon som vinterbeite for rypeartane vinterstid.

Område 22. Fjellområda aust for Finse

Ytterkanten av sentrale fjellområde. Som område 21, viktig del av leveområde for villrein og fjellrev, men er mindre sårbar enn sentrale delar av fjellområdet.

VIKTIGE TREKKVEGAR FOR HJORTEVILT

Villrein

- R1. Nord for Ljoneskrulen
- R2. Vest for Skrulvatnet
- R3. Nord-vest for Langavatnet
- R4. Kvillinganutvatnet

- R5. Like ved Søre Grøndalsvatnet
- R6. Nordvest for Grøndalsvatnet
- R7. Hallingskeid over Rallarveg og jernbane
- R8. Nordover mot Hallingskeid
- R9. Over Moldådalen sør for Hallingskeid
- R10. Låghelleren mot Svartavatnet Såtedalen
- R11. Låghellerbotn mot Låghellerhøgdene
- R12. Mellom Låghellerbotn og Låghellerhøgdene
- R13. Vest for Fagernut
- R14. Slirå, mellom Florsveggnuten og Florsveghallene
- R15. Vest for Finsevatnet mot Finsenuten
- R16. Langs Hadangerjøkulen og Dyrhaugane
- R17. Mellom Hansbudalen og Torstølnuten
- R18. Torsteinstjørni mot Brattfonnvatnet i Eidfjord

Hjort

- H1. Hallanger mot Ullensvang/Granvin opp over tregrensa
- H2. Hallanger opp over tregrensa
- H3. Hallanger opp Husagilet
- H4. Hallanger opp over Storeliflatane
- H5. Trekk langs fjorden under Torgilsberget
- H6. Opp lia mot Øvstestølen
- H12. Bekkjedalen over til Granvin
- H13. Sørsida av Espelandsvatnet mot Granvin
- H14. Kryssar veg ved utløpet av Stokkavatnet
- H15. Kryssar veg like ovanfor Solbjørge
- H16. Kryssar veg mellom Solbjørge og Aurdal
- H17. Langs sørsida av Solsævatnet
- H18. Kryssar veg mellom Lekveskori og Furahaugen
- H19. Kryssar veg mellom Torblå og Kvåle
- H20. Over Kristinuten til Osa
- H21. Kryssar Austdølo mot Syggestveit i Osa-fjorden
- H11. Mellom Øydvenstølen mot Døgrdalen
- H9. Symjetrekk mellom Holkesvik og Birger-tangen
- H7. Symjetrekk mellom Birgerfletane og haugen på vegsida
- H8. Symjetrekk mellom Bagnstronde og Hetlenes på vegsida
- H10. Nord for Demma over til Skår i Eidfjord

Elg

- E1. Over fjorden mellom Holkesvik og Birger-tangen
- E2. Mellom Bagne (Demma) og Skår i Eidfjord

TRUA OG SÅRBARE ARTAR I ULVIK

GENERELT OM TRUA OG SÅRBARE ARTAR

Mange plante- og dyreartar er naturleg sjeldne, men mange er i tilbakegang som følgje av menneskeleg aktivitet. Her er lista opp nokre viktige typar trugsmål mot biologisk mangfald:

Handel med ville dyr er den tredje største illegale marknaden på verdsbasis og særleg i tropiske strøk kan samling vere eit problem for allereie fåtalige artar. I vårt land er slik ulovleg handel i første rekkje knytt til rovfuglar og då særleg vår største falk; jaktfalken.

Intensiv jakt eller forfølging har ført til at enkelte dyreartar har blitt utrydda eller gått kraftig tilbake. Døme frå vårt land er fjellrev og dei store rovdyra gaupe, ulv, bjørn og jerv.

Miljøgifter utgjør eit alvorleg trugsmål mot enkelte artar. Rovdyr er spesielt utsette, fordi giftstoffa blir meir konsentrerte for kvart ledd i næringskjeda. Vandrefalken er eit klassisk døme på dette. Bruk av DDT i landbruket førte til at vandrefalken fekk problem med reproduksjonen (eggskalfortynning), og bestanden gjekk kraftig tilbake. Etter at bruken av DDT vart forbode har bestanden tatt seg opp att og er framleis i vekst.

Innføring av framande artar. På mange av Stillehavsoyane står mange bakkerugande fuglearter i ferd med å forsvinne som ei følgje av introduksjon av katt og rotter. I vårt land er minken eit døme på introduksjon av ein art som har fått uheldige følgjer (Minken er opprinneleg ein nordamerikansk art som vart importert til Noreg som pelsdyr). Mange sjøfuglkoloniar på øyar nær fastlandet lid periodevis store tap grunna minken sin predasjon på egg og ungar.

Øydelegging av naturtypar og leveområde Det hjelper lite å verne artar dersom ein samtidig ikkje vernar områda artane er avhengige av. Her i landet er problemstillinga først og fremst aktuell i samband med reduksjon i arealet av våtmark og gammalskog og bortfall av enkelte kulturlandskapstypar som følgje av endra driftsformer i landbruket.

Innføring av framande artar og øydelegging av leveområde blir rekna som dei største trugsmåla mot biologisk mangfald.

”RAUDLISTER”

For å oppnå større fokus på artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang, er det utarbeidd spesielle oversikter over slike artar med ei vurdering av dagens status (bestand og bestandsutvikling). Det er dette som blir kalla raudlister. IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis og mange land har gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Direktora-

tet for Naturforvaltning. Dei siste åra har også enkelte Fylkesmenn utgitt fylkesvise (regionale) raudlister. Meininga med slike raudlister er å rette fokus på regional bestandssituasjon og dermed sikre at tiltak blir gjennomført for å sikre levedyktige bestandar også på lokalt og regionalt plan. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar. Ei raudliste kan òg innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar (t.d. havørn).

Raudlistene må reviderast relativt ofte etterkvart som kunnskapen om artane aukar (situasjonen for enkelte artar kan òg endre seg relativt raskt). Nasjonale raudlister blir gjerne reviderte kvart fernte år. Raudlista denne rapporten byggjer på er *Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998* (DN 1999). Det er òg utarbeidd ei regional raudliste for Hordaland: *Handlingsplan for truede og sårbare villarter i Hordaland* (Danielsen 1996). Dei ulike kategoriane ein finn i den siste utgåva av den nasjonale raudlista er definerte under.

Utrydda - Ex (Extinct)

Artar som har forsvunne som reproduserande i landet. Omfattar vanlegvis artar som ikkje har vore påvist dei siste 50 år. ”Ex?” angir artar som har forsvunne for mindre enn 50 år sidan.

Direkte trua - E (Endangered)

Artar som står i fare for forsvinne i nær framtid dersom dei negative faktorane fortset å virke.

Sårbar - V (Vulnerable)

Artar med sterk tilbakegang, som kan gå over i gruppa direkte trua dersom dei negative faktorane fortset å virke.

Sjeldan - R (Rare)

Artar som ikkje er direkte trua eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon, fordi dei er knytt til eit avgrensa geografisk område eller ein liten bestand med spreidd og sparsam utbreiing.

Omsynskrevjande - DC (Declining, care demanding)

Artar som ikkje tilhøyrer føregåande kategoriar, men som grunna tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.

Bør overvakast - DM (Declining, monitor species)

Artar som har gått tilbake, men som ikkje vert rekna som trua. For desse er det grunn til å halde eit auge med bestands-situasjonen.

Ansvarsartar

Ei raudliste inneheld òg ei oversikt over såkalla ansvarsartar. Dette gjeld artar som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltningsansvar for, fordi store delar av bestanden på gitte tidspunkt oppheld seg i landet. Ansvarsartar treng ikkje vere sjeldne eller truga. Døme på norske ansvarsartar som er vanlege er fjellrype og bergirisk.

Tabell 1. Raudlista viltartar i Ulvik. For enkelte tilfeldig førekomande artar er trugsmål ikkje nemnte.

Status i Noreg	Artar	Status i Ulvik	Moglege trugsmål lokalt
Direkte trua (E)	Fjellrev	Tidlegare fast yngling, no sjeldan	<ul style="list-style-type: none"> Innavl (svært liten populasjon) Næringstilgang Konkurranse frå raudrev?
Sårbar (V)	Hønsehauk	Fåtalog hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> Reduksjon i areal av naturforynga gammalskog
	Jaktfalk	Fåtalog hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> Næringstilgang Blyforgiftning (via skadeskotne ryper)? Faunakriminalitet
	Vandrefalk Hubro Vendehals Kvitryggspett	Fåtalog hekkefugl Usikker Observervert, hekkestatus usikker Sannsynleg fåtalog hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> Forstyrning på hekkeplass Kraftliner Bortfall av beitemark og skogsbeite? Reduksjon i areal av naturforynga gammalskog Mangel på ståande, død ved
	Fjellerke	Fåtalog hekkefugl i fjellet	<ul style="list-style-type: none"> Ukjent
Sjeldan (R)	Sangsvane	Årvis, fåtalog vintergjest	<ul style="list-style-type: none"> Kraftlinjer
	Stjertand Kongeørn	Sjeldan og sporadisk trekkgjest Fåtalog hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> Bortfall av grunne ferskvassområde Forstyrning på hekkeplass Faunakriminalitet
	Myrhauk Jerv	Sjeldan og sporadisk trekkgjest Tilfeldige streifdyr	- -
Omsynskrevjande (DC)	Smålom Storlom Havørn	Observervert Observervert Blir jamleg observervert, mogleg fåtalog hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> Drukning i fiskegarn Drukning i fiskegarn Reduksjon i areal av naturforynga gammalskog Forstyrning på hekkeplass
	Gråspett	Sannsynleg fåtalog hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> Reduksjon i areal av eldre lauv- og blandingsskog Mangel på død ved
	Dvergspett	Sannsynleg fåtalog hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> Reduksjon i areal av eldre lauv- og blandingsskog Mangel på død ved
Bør overvakast (DM)	Bergand	Fåtalog hekkefugl ved Finse	<ul style="list-style-type: none"> Drukning i fiskegarn
	Havelle	Fåtalog vintergjest	<ul style="list-style-type: none"> Drukning i fiskegarn
	Svartand	Sjeldan vintergjest	<ul style="list-style-type: none"> Drukning i fiskegarn
	Sjørre	Sjeldan vintergjest	<ul style="list-style-type: none"> Drukning i fiskegarn
	Piggsvin	Ynglar fåtalog	<ul style="list-style-type: none"> Påkjørslar
	Langøyreflaggermus	Fåtalog	<ul style="list-style-type: none"> Ukjent
	Oter	Observervert	<ul style="list-style-type: none"> Drukning i fiskegarn
	Gaupe	Tilfeldige streifdyr	-

Tabell 2. Norske ansvarsartar i Ulvik.

Arstid	Art	Norsk del (%) av europeisk bestand	Kjend status i Ulvik
Hekkebestand	Havørn	45	Mogleg hekking (1 par)
	Jaktfalk	38	Ein kjend hekkelokalitet
	Fjellrype	42	Vanleg hekkefugl i fjellet
	Raudstilk	35	Fåtalog hekkefugl
	Svartbak	31	Gjest utanom hekketida
	Bergirisk	59	Sannsynleg hekkefugl
Vinterbestand	Storskarv	30	Fåtalog vintergjest
	Siland	30	Fåtalog hekkefugl
	Fjøreplytt	60	Mogleg fåtalog hekkefugl i fjellet
Heile året	Nise	Global raudlisteart	Observerast regelmessig
	Villrein	Minst 25	Fjellområda i Ulvik omfattar delar av villreinområda på Hardangervidda, Nordfjella og Oksenhalvøya.
	Lemen	Minst 25	Vanleg i fjellet, fluktuerande bestand

STATUS FOR VILTET I ULVIK


AMFIBIAR

Frosk *Rana temporaria*

Vanleg. Førekjem over det meste av heradet.

Padde *Bufo bufo*

Usikker forekomst og status i Ulvik.



KRYPDYR

Hoggorm *Vipera berus*

Vanleg art i heradet.

FUGLAR

Blant landlevande virveldyr står fuglane i ei særstilling når det gjeld utbreiing og artsrikdom. Ulvik herad er ikkje noko unntak. 169 fuglearter er registrerte. Av desse kan ca. 100 reknast som hekkefuglar. Det er gjort relativt grundige undersøkingar av fuglefaunaen i Finseområdet rundt universitetet i Oslo sin høg-fjellsøkologiske forskingsstasjon og i Ulvikpollen. Også andre stader i heradet har amatørornitologar bidratt til at fuglefaunaen er relativt godt kjent.

Kvalitetssikring av fugleobservasjonar

Å artsbestemme fuglar i felt kan ofte vere svært vanskeleg, sjølv for erfarne ornitologar. Enkelte artar er svært like av utsjånad, og faktorar som lysforhold, observasjonsavstand og observasjonstid gjer artsbestemminga ofte svært vanskeleg. Erfaringar viser at sjølv karakteristiske artar forbausande ofte blir feilbestemt. For å kvalitetssikre fugleobservasjonar har Norsk Ornitologisk Forening, NOF, difor oppretta ekspertutval som vurderer innrapporterte observasjonar av sjeldne artar og artar med forvekslingsrisiko. Grunnlaget for vurderinga bygger på dokumentasjon eller skildring av fuglen, observasjonsforhold og observasjonsdato. Det regionale/fylkesvise organet for kvalitetssikring heiter **LRSK** (Lokal rapporter-

ings- og sjeldenhetskomite) og det finst ein slik komite i kvart fylke. Enkelte svært spesielle artsfunn må imidlertid godkjennast av ein nasjonal komité **NSKF** (Norsk Sjeldenhetskomité for fugl). Det er utarbeidd lister over kva artar som krev godkjenning av desse komiteane. Artsfunn blir publiserte i årlege rapportar i lokaltidsskriftet for NOF Hordaland, Krompen, av LRSK og i NOF sitt nasjonale tidsskrift, Vår Fuglefauna, av NSKF. Desse publikasjonane inneheld òg observasjonsdato, observasjonsstad og namn på observatør.

Denne viltrapporten følgjer NOF sin praksis på dette feltet. Blant artar som krev godkjenning er difor kun artar med funn godkjent av LRSK eller NSKF omtalte og rekna som offisielle. For desse blir det referert til aktuelle publikasjonar frå sjeldenhetskomiteane. For enkelte uvanlege eller spesielle observasjonar som ikkje krev godkjenning, er det referert til andre rapportar i NOF-Hordaland sitt lokaltidsskrift eller til observatør. Talet på observasjonsdatoar for den enkelte art er ikkje nødvendigvis komplett, men er meint å vere konkrete døme på observasjonar.

Meir stoff om LRSK sitt arbeid finn du på NOF-Hordaland sine nettsider. Her er det m.a. lagt ut oppdaterte lister over artar som må godkjennast og rapporteringsskjema for nedlasting: <http://cyberbirding.uib.no/nof/lrsk/>.

LOMMAR

Smålom *Gavia stellata* **Omsynskrevjande (DC)**

Enkeltindivid er observert ved Finse (T. Breiehagen).

Storlom *Gavia arctica* **Omsynskrevjande (DC)**

Observert på næringsøk i Kvilinganutvatnet sommarstid, men det er usikkert om arten hekkar i heradet.

SKARVAR

Storskarv *Phalacrocorax carbo* **Ansv. vinterbestand**

Fåtalig men regelmessig vintergjest i fjorden, særleg frå Bruravik og utover. Er òg observert sommarstid: 1 individ juni 1998 (H. Dijkstra). Arten skal òg vere observert i Finsevatnet.


HEGRER

Gråhegre *Ardea cinerea*

Fåtalig hekkefugl. Regelmessig men fåtalig også vinterstid.

ANDEFUGLAR

Sangsvane *Cygnus cygnus* **Sjeldan (R)**
Tilfeldig vintergjest. M.a. vart ein flokk på 6-7 individ observert i fjorden utanfor Rondestveit april 2000 og 12 individ ved Osadeltaet 18/4-2001 (H. Dijkstra).



Sangsvane

Kortnebbgås *Anser brachyrhynchus*
Sjeldan trekkgjest. 2 individ i Ulvikpollen 28/4-1995 og eit individ same stad 9/9-1995 (Mjøs og Frantzen 1996b). Rastar sjeldan i Ulvik, sjølv om flokkar på 20-50 individ år om anna blir observert på overtrekk. 50 individ trakk over Finse 24/4-1998 (Falkenberg 1999).

Grågås *Anser anser*
Trekkgjest som av og til mellomandar i Ulvik. Opptil 100 individ er observert på rast. Det føreligg òg eit par vinterobservasjonar: Eit individ 1997/98 og fire individ 1998/99 (H. Dijkstra).

Kanadagås *Branta canadensis*
Er funne hekkande i Ulvikpollen: Eit par med fire ungar vart sett her sommaren 2000 og eit par med sju ungar 25/6-2002 (H. Dijkstra). Overvintrar bortimot årleg i mindre tal, max. 17 individ i 1992 og 1993 (Håland og Chapman 1998).

Kvitkinngås *Branta leucopsis*
1 individ observert i Ulvikpollen 2/5-1999 (Falkenberg 2000).

Ringgås *Branta bernicla*
Observed på vårtrekk ved Hallanger 2/6-1994 (Magne Hallanger). Dette må reknast som ein sjeldan observasjon, fordi ringgåstrekket normalt går langs kysten. Denne flokken vart òg observert lenger ut i fjorden ved Omastrand i Kvam.

Gravand *Tadorna tadorna*
Sjeldan trekkgjest. Ein ungfugl vart observert i mai 2000 (Harry Dijkstra).

Mandarinand *Aix galericulata*
Ein hann observert i Ulvikpollen 18/7 og ei ho 13/8 og 18/8-1993 (Pedersen 1995). Mandarinanda høyrer opprinneleg til i Søraust-Asia, men blir mykje brukt som parkfugl i Europa. Observasjonar av denne arten dreier seg truleg alltid om rømte fangenskapsfuglar eller fuglar frå ein liten, forvilla europeisk bestand.

Brunnakke *Anas penelope*
Fåtalig gjest i trekk tidene. Påvist meir eller mindre årlig i Ulvikpollen (Håland og Chapman 1998). Usikkert om arten hekkar i heradet.

Snadderand *Anas strepera*
Svært sjeldan trekkgjest. Observert i Ulvikpollen: 1 ho 2-9/5-1993 (Pedersen 1995).

Krikkand *Anas crecca*
Stabil, men liten hekkebestand i heradet. Kull påvist i Ulvikpollen 2/7-1995 (Håland og Chapman 1998). Hekkar også i fjellet, m.a. på Finsefetene.

Stokkand *Anas platyrhynchos*
Vanleg hekkefugl ved fleire av vatna i heradet. Vanlegaste andeart i Ulvikpollen. I mai 2000 vart 155 individ talde opp ulike stader i heradet (H. Dijkstra).

Stjertand *Anas acuta* **Sjeldan (R)**
Sjeldan trekkgjest. Blir observert med 1-2 individ nesten kvar vår i Ulvikpollen (H. Dijkstra). Eit individ observert i Ulvikpollen i mars 1997 (Håland og Chapman 1998).

Skeiand *Anas clypeata* **Sjeldan (R)**
Sjeldan trekkgjest. Ei ho observert i Ulvikpollen 8/8-1993 (Mjøs 1995).

Taffeland *Aythya ferina*
Sjeldan trekkgjest. Observert to gonger i Ulvikpollen: Ein hann 24/3-1991 og 21/5-1995 (Håland og Chapman 1998).

Toppand *Aythya fuligula*
Regelmessig men relativt fåtalig i fjordområda og Ulvikpollen utanom hekketida (Håland og Chapman 1998).

Bergand *Aythya marila* **Bør overvakast (DM)**
M.a. 5 individ i Ulvikpollen oktober 1999 og 2 individ i Osafjorden mai 2000 (H. Dijkstra). Hekkar typisk i fjellvatn med god tilgang på botnlevande krepsdyr. Hekkeførekomensten i Hordaland er knytt til Hardangervidda og hekkar m.a. bortimot årlig fåtalig i Finseområdet (Østbye 2001).

Ærfugl *Somateria molissima*

Vanleg langs kysten men sjeldan og uregelmessig så langt inne i fjordane som Ulvik. Ein flokk på 8-12 ind. vart observert i Osafjorden april-mai 1999 og 2000 (H. Dijkstra).

Havelle *Clangula hyemalis* **Bør overvakast (DM)**

Regelmessig, men fåtalig vintergjest. M.a. 1 individ observert i Ulvikpollen oktober 1990 (Håland og Chapman 1998) og 4 individ i fjorden vinteren 2000/01 (H. Dijkstra). Havella hekkar ved fjellvatn i Eidfjord kommune men er ikkje påvist hekkande i Ulvik.

Svartand *Melanitta nigra* **Bør overvakast (DM)**

Sjeldan vintergjest. 1 ind. Observert 13.11.-1994 i Ulvikpollen (Håland og Chapman 1998). Hekkar ved fjellvatn i Eidfjord kommune men er ikkje påvist hekkande i Ulvik.


Sjørre *Melanitta fusca* **Bør overvakast (DM)**

Sjeldan vintergjest. M.a. 1 individ i Ulvikpollen januar 2001 (H. Dijkstra). Hekkar ved fjellvatn i Eidfjord men er ikkje påvist hekkande i Ulvik.

Kvinand *Bucephala clangula*

Regelmessig i fjordområda utanom hekketida. Opptil 70 individ registrert ved utløpet av Osafjorden (H. Dijkstra). Også regelmessig trekk- og vintergjest i Ulvikpollen (E. Chapman).

Siland *Mergus serrator* **Ansvarsart vinterbestand**
Førrekjem regelmessig og er påvist hekkande i Ulvikpollen (Håland og Chapman 1998). Også regelmessig men fåtalig i Ulvikpollen og i Osafjorden utanom hekketida (H. Dijkstra).



Siland

Laksand *Mergus merganser*

Fåtalig trekk- og vintergjest. m.a. observert i Finsevatn (Breiehagen 1991) og 1 individ i Osafjorden februar 2001 (H. Dijkstra).

ROVFUGLAR

Havørn *Haliaeetus albicilla* **Omsynskrevjande (DC)****Ansvarsart vinterbestand**

Dei siste åra er det observert eit vaksent par i heradet (H. Dijkstra). Det er difor ikkje usannsynleg at havørna er i ferd med å etablere seg som hekkefugl i Ulvik eller nabokommunar. Hekking er imidlertid enno ikkje konstatert. Havørna plasserer oftast reiret sitt i kraftige,

gamle furuer og kan difor vere utsett i forhold til skogbruksaktivitet.

Myrhauk *Circus cyaneus* **Sjeldan (R)**

Ein vaksen hann observert 10/6-1999 (Falkenberg 2000). Arten hekkar truleg fåtalig på Hardangervidda, men det er usikkert om arten hekkar innan Ulvik sine grenser.

Hønehauk *Accipiter gentilis* **Sårbar (V)**

Fåtalig hekkefugl. Ein sikker og ein mogleg hekkelokalitet i Ulvik. Hønehauken er knytt til gammal, hogstmogen naturskog, nesten utelukkande furuskog. Difor er dette ein av dei artane som lett kjem i konflikt med skogbruket.

Spurvehauk *Accipiter nisus*

Spurvehauken hekkar truleg i Ulvik men dette er enno ikkje stadfesta. Arten er ikkje på same måte som hønehauken knytt til eldre naturskog. Tvert imot finn han seg ofte til rette i granplantefelt over ein viss alder fordi dette byd på gunstige reirplassar (godt skjul).

Musvåk *Buteo buteo*

Sjeldan trekkgjest observert over Finse 31/8-1976 (LRSK-arkiv).

Fjellvåk *Buteo lagopus*

Truleg den vanlegaste rovfuglen i heradet. Knytt til områda i- og ovanfor skoggrensa. Smågnagarspesialist som ofte står over hekkinga i dårlege smågnagarår.

Kongeørn *Aquila chrysaetos* **Sjeldan (R)**

Truleg tre hekkepar i heradet. Kongeørna er først og fremst knytt til fjellområda og det er ikkje knytt store forvaltningsmessige konflikhtar til denne arten på kommunalt nivå. Det kan imidlertid vere ein viss konflikt i forhold til saueeigarar, men normalt vil denne konflikten vere relativt liten.

Fiskeørn *Pandion haliaetus*

Sjeldan streifgjest. 1 individ observert ved Espelandsvatnet juni 1998 og 1 individ vart sett i Osafjorden fleire gonger gjennom heile sommaren. 1 individ vart òg observert ved Myrhaug i juni 1999 (H. Dijkstra).

Tårnfalk *Falco tinnunculus*

Truleg regelmessig men fåtallig hekkefugl. Hekkar i tørre og solvarme, høge bergveggar, gjerne med vegetasjonsrike hyller. Først og fremst knytt til fjellet, der smågnagarar er viktige næring. Hekking er konstatert i Tyssedalen (H. Dijkstra).

Dvergfalk *Falco columbarius*

Truleg fåtalig hekkefugl ved skoggrensa og i fjellet. Dvergfalken byggjer ikkje reir sjølv og er ofte avhengig av fjorårsgamle kråkereir. Kan og ta i bruk fjellvåk- og ramnereir, eller sparke ut ei reirgrop på ei berghylle. Hekking er konstatert ved Osanuten (H. Dijkstra).



Dvergfalk

Jaktfalk *Falco rusticolus***Sårbar (V)****Ansvarsart hekkebestand**

Ein kjend hekkelokalitet i heradet, men status for denne er usikker. Byggjer ikkje reir sjølv og er difor avhengig av ravne- og fjellvåkereir. Arten er i tilbakegang utan at ein er sikker på årsakene til dette. Jaktfalken er avhengig av ryper som næring og noko av årsakene til tilbakegangen kan vere å finne i rypebestandane. Jaktfalken er svært ettertrakta som falkoneringsart, og sjølv om dette ikkje er årsaka til bestandsnedgangen, kan reirplyndring vere eit alvorleg innhogg i ein frå før svekka bestand.

Vandrefalk *Falco peregrinus***Sårbar (V)**

Eit par hekkar i heradet. Etter å ha vore bortimot utrydda på grunn av miljøgifter er vandrefalkenbestanden no aukande. Hekkeplassen i Ulvik vart oppdaga i 1998, men er truleg ein tradisjonell hekkeplass frå gammalt av. Allsidigheit i næringsvegen og krav til hekkelokalitet gjer at det ikkje er knytt spesielle forvaltningsmessige konflikter til denne arten på kommunalt nivå. Vandrefalken er ein svært ettertrakta art for falkonering, men dette er heller ikkje er noko direkte trugsmål mot arten.

HØNSEFUGLAR**Lirype** *Lagopus lagopus*

Vanleg hekkefugl i fjellbjørk- og vierbeltet. Førretrekkjer område med skiftande vegetasjonsbilete. Påvirkning og endring av bestanden kan ha fleire årsaker men ingen er enno godt klarlagde. Faktorar som kan tenkjast å ha negativ verknad på bestanden er m.a. endra bruk av utmarka ved lavare nivå i tradisjonelle aktivite-

tar som vedhogst og kvistsanking, endra beitebruk, klimaendringar, auka jaktpress, miljøgifter og bygging av kraftlinjer.

Fjellrype *Lagopus mutus* **Ansvarsart hekkebestand**

Vanleg hekkefugl i høgfjellet. Fjellrypa trivast på karrig lyngmark eller blokkmark heilt øvst i vierregionen og opp i lavregionen. I hekkeseongen finn vi dei oftast øvst i vierregionen, men utpå ettersommaren og hausten trekkjer dei høgare opp i lavregionen.

Orrfugl *Tetrao tetrix*

Vanleg hekkefugl i store delar av heradet. Orrfuglbestanden varierer sterkt, både i lokal utbreiing og talmessig fra år til år. Orrfuglen føretrekkjer variert skog med stort innslag av bjørk og god tilgang på opne parti. Myrkantar og skogkantar mot gamle uteslåttar med god tilgang på lauvtre og rik undervegetasjon er attraktive biotopar. I skogbruksamanheng kan det vere fordelaktig, med tanke på orrfuglen, å setje att store gamle bjørketre med raklar. Generelt er orrfuglen knytt til høgareliggande, opne skogområde, og dermed i mindre grad knytt til økonomisk drivverdig skog enn storfuglen.

Storfugl *Tetrao urogallus*

Fåtalig hekkefugl. Fire leikar er kjent i heradet. Dei beste storfuglbiotopane finn ein der det er større samanhengande område med gammal furuskog. Tiur og røy set ulike krav til leveområda sine. Tiuren beitjar gjerne i høgareliggande glissen, gammal furuskog medan røya helst vi ha yngre, lavereliggande og nokså tett furuskog. Som oppvekstområde for kyllingane er gammal sumpskog med stor insektproduksjon og blåbærfuruskog på høge bonitetar viktig. Skogavvirkning i dei aktuelle skogtypane vil ofte virke avgrensande for utbreiing og bestandsstorleik hos storfugl. Ein bør difor søke råd og rettleiing når ein planlegg hogst ved- og rundt storfuglleikar.

TRANEFUGLAR**Sothøne** *Fulica atra*

Sjeldan trekkjgest. 1 individ observert i Ulvikpollen april 1998 (H. Dijkstra).

Trane *Grus grus***Bør overvakast (DM)**

1 individ observert ved Finsefetene 12/7-1982 (Breiehagen 1991). Også 1 individ ved Tranemyr mai 1998 og 1999. Observert fleire gonger våren 2000 (H. Dijkstra).

VADEFUGLAR

Tjeld *Haematopus ostralegus*

Hekking konstatert i Ulvikpollen (Håland og Chapman 1998) og i Osa (H. Dijkstra). Nokre få par hekkar òg truleg langs fjorden.

Dverglo *Charadrius dubius* **Sjeldan (R)**

Tre observasjonar frå Ulvikpollen: 14/5-1990, 5/6-1995 og 12/5-1996 (Pedersen 1997). Dette er funn nr. 6, 7 og 8 i Hordaland.

Sandlo *Charadrius hiaticula*

Registrert fåtalig hekkande på Finsefetene (Breiehagen 1980). Observert på rast under trekket i Ulvikpollen m.a. 1994, 1995 og 1997 (Håland og Chapman 1998).

Boltit *Charadrius morinellus*

Hekkar relativt fåtalig i fjellområda.

Heilo *Pluvialis apricaria*

Vanleg hekkefugl på vidder og tørrare myrar i fjellet over det meste av heradet. Rastar i trekk tidene årvisst i lavlandet, hovudsakeleg på dyrka mark.

Heilo



Vipe *Vanellus vanellus*

Fåtalig hekkefugl i Ulvik. Hekkar i tilknytning til dyrka mark. Den mest talrike vadefuglen i Ulvikpollen i trekk tidene. 106 individ 21/8-1990 og 150 individ 30/3-2000 (H. Dijkstra).

Polarsnipe *Calidris canutus*

Sjeldan trekk gjest. 2 individ i Ulvikpollen 5/9-2001 (H. Dijkstra).

Dvergsnipe *Calidris minuta*

Sjeldan trekk gjest. Observert på hausttrekk i Ulvikpollen 15/10-1990 og 15-23/9-1996 (Håland og Chapman 1998).

Temmincksnipe *Calidris temminckii*

Fåtalig, men regelmessig hekkefugl rundt Finsevatnet. Dette er eit svært viktig hekkeområde for denne arten. Har også blitt observert i Ul-

vikpollen under trekket, bl.a. 1 individ 25/5-1995 (Mjøs og Frantzen 1996b) og 1 individ same stad 26/5-1997 (Håland og Chapman 1998).

Fjøreplytt *Calidris maritima*

Fåtalig hekkefugl ved Finsefetene (Østbye 2001).

Myrsnipe *Calidris alpina* **Ansvarsart hekkebestand**

Fåtalig hekkefugl på Finsefetene (Breiehagen 1980). Observert fåtalig under vår- og hausttrekk i Ulvikpollen (Håland og Chapman 1998).

Fjellmyrløper *Limicola falcinellus* **Omsynskr. (DC)**

Eit individ observert i Ulvikpollen 25/8-1991 (Chapman 1992). Funn nr. 8 i Hordaland.

Brushane *Philomachus pugnax*

Fåtalig trekk gjest i Ulvikpollen og på dyrka mark, m.a. observert 28/6-2001 (H. Dijkstra). Hekkar på myrar i fjellet, men er ikkje påvist hekkande i Ulvik.

Kvartbekkasin *Lymnocyptes minimus*

Sjeldan gjest under trekket og om vinteren. Er observert enkeltvis på trekk om hausten i Ulvikpollen (Håland og Chapman 1998).

Enkeltbekkasin *Gallinago gallinago*

Fåtalig hekkefugl i tilknytning til sumpmark og blaut kulturmark. Mellom 15 og 30 ind. blir årlig observert i Ulvikpollen under trekket (Håland og Chapman 1998).

Dobbeltbekkasin *Gallinago media* **Omsynskr. (DC)**

Sjeldan trekk gjest. 1 individ observert i Ulvikpollen 5/8-1990 (Håland og Chapman 1998). Nærmaste kjente hekkeplass er på Hardangervidda i Eidfjord kommune.

Svarthalespove *Limosa limosa*

Eit individ observert i Ulvikpollen 25/5-1998 (Falkenberg 1999).

Lappspove *Limosa lapponica*

Eit individ i Ulvikpollen 12/9-1999 (Falkenberg 2000).

Rugde *Scolopax rusticola*

Truleg fåtalig hekkefugl. Hekkar helst i fuktig lauvskog på moldjord.

Småspove *Numenius phaeopus*

Sjeldan trekk gjest. Er observert enkeltvis på haust- og vårtrekk i Ulvikpollen (Håland og Chapman 1998).

Storspove *Numenius arquata*

Sjeldan trekkgjest. Observert på vårtrekk og i mai-juni i Ulvikpollen (Håland og Chapman 1998).

Sotsnipe *Tringa erythropus*

Sjeldan trekkgjest. Observert på Finsefetene; 1 individ 18-20/6-1980 og 2 individ 30/6-1982 (Breiehagen 1991).

Raudstilk *Tringa totanus* **Ansvarsart hekkebestand**
4-6 par hekkar ved Ulvikpollen og tilgrensande dyrka mark. Ca. 3 par hekkar òg ved Osadeltaet (H. Dijkstra). Hekkar òg stadvis i fjellet, m.a. på Upsete og Finsefetene.

Gluttsnipe *Tringa nebularia*

Fåtalog trekkgjest. Arten blir uregelmessig observert under vårtrekket i Ulvikpollen, m.a. 3 individ 2/5-1993 (Mjøs 1995).

Skogsnipe *Tringa ochropus*

Regelmessig men fåtalog trekkgjest i Ulvikpollen om hausten. Enkeltindivid observert m.a. 25/7-1993 (Mjøs 1995) og 28/8-1994 (Mjøs og Franzten 1996).

Grønstilk *Tringa glareola*

Relativt sjeldan trekkgjest. Enkeltindivid observert i Ulvikpollen 19/5 1996 (Håland og Chapman 1998), 17/5-2001 (E. Chapman) og 5/9-2001 (H. Dijkstra).

Strandsnipe *Actitis hypolaucos*

Vanleg hekkefugl langs vatn og vassdrag, frå låglandet til Finse.

Symjesnipe *Phalaropus lobatus*

Observert på Finsefetene; to hoer 8/6-1980 og ei ho 3/6-1981 (Breiehagen 1991). Hekkar år om anna ved Finse (Østbye 2001).

JOAR, MÅSAR OG TERNER

Fjelljo *Stercorarius longicaudus*

Eit individ obs. på direktetrekk over Finsefetene 5/6 1980 (Breiehagen 1991).

Hettmåse *Larus ridibundus*

Fåtalog hekkefugl i Ulvikpollen. Hekking registrert i 1992-94. 50 individ registrert under vårtrekket 25/4-1993 (Håland og Chapman 1998).

Fiskemåse *Larus canus*

Fåtalog hekkefugl. Opptretr vanleg også utanom hekketida. Vanlegaste fugleart i Ulvikpollen, med 285 individ som høgaste registrering i trekketidene (Håland og Chapman 1998).


Sildemåse *Larus fuscus*

Fåtalog streiffugl i trekketidene og om sommaren. Enkeltindivid observert i Ulvikpollen (Håland og Chapman 1998).

Gråmåse *Larus argentatus*

Opptretr relativt vanleg både sommar og vinter. Påvist hekkande ved Osadeltaet 1996 (H. Dijkstra).

Gråmåse

**Svartbak** *Larus marinus* **Ansvarsart hekkebestand**

Opptretr fåtalog ved fjorden, og helst utanom hekketida.

Makrellterne *Sterna hirundo*

Observerast årleg fåtalog på næringsøk i Ulvikpollen og i fjordområda.

Raudnebbterne *Sterna paradisaea*

Det blir bortimot årleg observert eit individ i Ulvikpollen (H. Dijkstra). M.a. 1 individ 27/5-1996 (Håland & Chapman 1998).

DUER

Ringdue *Columba palumbus*

Truleg fåtalog hekkefugl. Ringdua er ein art som har ekspandert på Vestlandet, kanskje m.a. som ein følgje av auka areal av granskog. For ringdua er granskogen gunstig som hekkplass fordi han gir godt skjul.

Tyrkerdue *Streptopelia decaocto*

1 individ observert i november 2000 (H. Dijkstra).

GAUKAR

Gauk *Cuculus canorus*

Relativt vanleg hekkefugl i høgareliggende skogsområde og i tregrensa. Heipiplerka er gauken sin viktigste vertsart på våre kantar.

UGLER

Hubro *Bubo bubo*

Sårbar (V)

Sjeldan hekkefugl. Tidlegare vart hubroen utsett for sterkt jakttrykk. Ulovleg jakt er framleis eit trugsmål, men idag er høgspenmaster truleg eit meir alvorleg problem. Hubroen brukar gjerne høgspenmaster som utkikkspost og får elektrisk støy (elektrokusjon) under landing og letting når vingane rører ved to leidningar samstundes. Ein annan negativ faktor er endringar i landbruket. Færre enger og åpne hamnehagar og raskt gjenvoksende seterlandskap har gitt dårlegare jaktforhold for hubroen, som har ein stor del smågnagarar i dietten. Dessutan har det vorte færre av andre viktige byttedyr som rotte, hare og skogshøns. Når eit hubropar har etablert seg i eit område held dei seg her året rundt. To hekkelokalitetar for hubro er kjende i Ulvik, men om desse lenger er i bruk er usikkert.

Snøugle *Nyctea scandiaca*

Sårbar (V)

Sjeldan gjest på vidda. Hekkefugl i smågnagarår i tidlegare tider. Har hovudutbreiinga si på tundraen i Sibir. I Noreg er snøugla først og fremst funnen hekkande i vierregionen på høg-fjellsvidder i innlandet, som Hardanger-vidda, men har knapt hekka i Sør-Noreg dei siste 20 åra. Sommaren 2000 vart det observert snøugle fleire stader i fjellet i Sør-Noreg. Dette dreier seg sannsynligvis om fuglar på næringsvandring frå hekkeområda i Sibir. Siste observasjon frå Ulvik: 1 hann ved Fagernut 4/9-2000 (Falkenberg 2001).

Haukugle *Surnia ulula*

Nomadisk invasjonsart som kan forekomme relativt talrik etter gode produksjonsår i Sibir med påfølgjande samanbrot i smågnagarbestandane. Etter slike invasjonar kan enkelte også hekke i vårt fylke. Observert, men ikkje påvist hekkande i Ulvik.

Sporveugle *Glaucidium passerinum*

1 individ observert på Bagne 1988 (T. Wiers). Sporveugla er sjeldan i Hordaland og sannsynleg hekking er kun kjent frå Voss.

Kattugle *Strix aluco*

Fåtalig hekkefugl. Ca. 10 kjende territorie (H. Dijkstra). Kattugla hekkar hovudsakelig i eldre lauvskog og i tilknytning til kulturlandskap. Kan gjerne hekke i lør og uthus. Negative faktorar mot bestanden kan være rasjonalisering i jordbruket, med bortfall av beitemark og dårlegare tilgang på smågnagarar. Vaksne kattugler er som oftast stasjonære i territoriet sitt året rundt.

Hornugle *Asio otus*

Er observert på streif i Finseområdet (T. Breiehagen).

Jordugle *Asio flammeus*

Sjeldan. Skal vere observert i Ulvik. Hekkar mogleg i områda like ovanfor tregrensa i smågnagarår.

Perleugle *Aegolius funereus*

Sjeldan. Skal vere observert, men hekkar neppe. Kan forekomme invasjonsarta i trekktida om hausten.

SEGLARAR

Tårnseglar *Apus apus*

Observert på næringssøk sommarstid. Periodevis vanleg over Ulvikpollen. Kan flyge temmelig langt frå hekkeplassen på næringssøk. Nærmaste kjende hekkeplass er Vangen på Voss.

RÅKEFUGLAR

Hærfugl *Upupa epops*

1 individ observert i Ulvik 15/10-1989 (Osaland 1990) og 1 individ ved Håheim oktober 2000 (Olav Brandset).

SPETTEFUGLAR

Vendehals *Jynx torquilla*

Sårbar (V)

Sjeldan. Ikkje påvist hekkande i Ulvik, men hekka truleg fåtalig tidlegare. Hekkar helst i åpen lauv- eller lauvblanda barskog, gjerne i tilknytning til kulturmark. Vendehalsen hakkar ikkje ut reirholet sitt sjølv, men plasserer reiret i naturlege trehol eller holkar. Einaste trekkfuglen blandt spettane våre.

Gråspett *Picus canus*

Omsynskrevjande (DC)

Hekkar truleg fåtalig i eldre lauv- og barblandingskog med tilgang på eldre ospelth. Kun få observasjonar er gjort i Ulvik, dei fleste i skogliene langs fjorden. Kan dukke opp på fuglebrettet om vinteren.

Grønspett *Picus viridis*

Grønspetten er truleg ein vanleg men fåtalig hekkefugl i Ulvik. Truleg den vanlegaste spettearten i heradet. Hekkar i lauv- eller blandingskog, helst med tilgang på osp. Maurspecialist, som lagar karakteristiske groper i maurtuer.

Flaggspett *Dendrocopos major*

Truleg fåtalig hekkefugl. Flaggspetten er mindre kravfull en dei andre spetteartane og utnyttar mange ulike skogtypar i ulike suksesjonsfasar. Mellom anna er flaggspetten spesialist på konglefrø (såkalla spettesmier er det alltid flaggspetten som står bak). På grunn av sitt breie biotopval er flaggspetten mindre utsett for rasjonalisert skogsdrift enn dei andre spetteartane. "Våre" flaggspettar er stort sett stasjonære om vinteren, men fuglar frå populasjonar lenger aust kan forekomme invasjonarsarta om hausten.

Kvitryggspett *Dendrocopos leucotos* **Sårbar (V)**

Truleg fåtalig hekkefugl. Observerast jamnleg i dei fleste skogtrakter i heradet (H. Dijkstra). Sjølv om treslagsamansetjinga i hekkeområda kan variere, krev kvitryggspetten alltid rikelig tilgang på ståande, dødt trevirke. På grunn av at arten set krav om relativt store område med gammalskog, er moderne skogsdrift mange stader eit trugsmål. På Austlandet er arten no svært sjeldan.

Dvergspett *Dendrocopos minor* **Omsynskr. (DC)**

Truleg fåtalig hekkefugl i lauvskogrike ller. Dvergspetten føretrekk habitat som er dominert av lauvtre og god tilgang på død ved. Arten kan bli negativt påverka av skogbruket gjennom reduksjon av mengda av lauvtre i forfall og fjerning av eigna skog i kantsoner og restbiotopar. Framtidig forvaltning av fjellbjørkeskogen vil truleg vere viktig for denne arten.

SPORVEFUGLAR

Fjellerke *Eremophila alpestris* **Sårbar (V)**

Relativt fåtalig hekkefugl i fjellet, m.a. ved Finse (m.a. Lien og Østbye 1982). Plassert på raudlista som ein følgje av sterk tilbakegang i Skandinavia. Ser imidlertid ut til å halde bra stand på Hardangervidda.

Sandsvale *Riparia riparia*

Bli observert relativt vanlig på næringsøk ved Ulvikpollen. Hekkar i sandtak, men er ikkje registrert hekkande i Ulvik.

Låvesvale *Hirundo rustica*

Relativt fåtalig hekkefugl tilknytt kulturlandskapet. Hekkar i driftsbygningar o.l.

Taksvale *Delichon urbica*

Relativt fåtalig hekkefugl. Festar reiret under takskjegget på bygningar. Hekkar òg på naturlege hekkeplassar i bergveggar. Ein slik naturleg hekkeplass er registrert mellom Solsævatnet og Ljonsekurlen. Taksvalebstanden har

gått kraftig tilbake på 1990-talet i Skandinavia. Årsaka til bestandsreduksjonen er mest sannsynleg å finne i overvintringsområda i sørlege Afrika.

Trepiplerke *Anthus trivialis*

Vanleg hekkefugl i skog.

Heiplierke *Anthus pratensis*

Vanleg og talrik hekkefugl i bjørkebeltet og i fjellet.

Skjærpiplerke *Anthus petrosus* **Ansv. hekkebest.**


Fåtalig vinterstid langs fjorden.

Gulerle *Motacilla flava*

Fåtalig og uregelmessig trekkgjest. Observert i Ulvikpollen m.a. 25/8-1995 (Mjøs og Frantzen 1996b). Gulerle er inndelt i fleire underartar, som alle er relativt lett å skilje frå kvarandre. Den vanlegaste, og mest aktuelle i Ulvik er **såerle** *M. f. thunbergi* som m.a. er observert og sikkert bestemt til undersart i Ulvikpollen 13/8-1995 (Mjøs og Frantzen 1996b).

Linerle *Motacilla alba*

Vanleg hekkefugl i tilknytning til dyrkamark og vassdrag. Underarten **svartryggerle** *M. a. yarrellii* er observert i Ulvikpollen 10/7-1996 (Mjøs og Frantzen 1997).



Linerle

Sidensvans *Bombycilla garrulus*

Fåtalig men regelmessig vintergjest.

Fossefall *Cinclus cinclus*

Truleg relativt vanlig hekkefugl ved rennande vatn, men berre ein reirlokaltet er kartfesta i heradet så langt. I eigna vassdrag er det gjerne ca. 1 km mellom hekkepara. Kan overvintre dersom elvane ikkje frys heilt til. Er òg observert på næringsøk i fjorden på seinvinteren.

Gjerdsmett *Troglodytes troglodytes*

Vanleg hekkefugl i skog og kantvegetasjon.

Jernsporv *Prunella modularis*

Vanleg hekkefugl i skog. Gjerne i nærleiken av kulturlandskapet.

Raudstrupe *Erithacus rubecula*

Vanleg hekkefugl i skog og kantvegetasjon.

Blåstrupe *Luscinia svecica*

Relativt fåtalig hekkefugl i bjørke- og vier-regionen.

Svartraudstjert *Phoenicurus ochruros*

Sjeldan. Syngande hann observert fleire gonger på Finse stasjon m.a. 4-25/6-1982, 5-7/7-1996, 11/7-1997 og 17/7-1999 (Falkenberg 2000).

Raudstjert *Phoenicurus phoenicurus*

Truleg fåtalig hekkefugl i høgareliggende, fublandingskog og bjørkeskog. Hekking påvist ved Hjadlane i Osa 2000 (H. Dijkstra).

Buskskvett *Saxicola rubetra*

Hekkar relativt vanleg ved kulturmark og myrområde i lavlandet. Er påvist hekkande ved Ulvikpollen (Håland og Chapman 1998).

Steinskvett *Oenanthe oenanthe*

Vanleg hekkefugl i fjellet.

Ringtrast *Turdus torquatus*

Relativt fåtalig hekkefugl i skoggrensa.

Svartrast *Turdus merula*

Vanleg og talrik hekkefugl i skog og kulturlandskap.

Gråtrast *Turdus pilaris*

Vanleg hekkefugl i skog og kantskog. Hekkar ofte i koloniar.

Måltrast *Turdus philomelos*

Vanleg hekkefugl i skog.

Raudvingetrast *Turdus iliacus*

Vanleg og talrik hekkefugl i skog.

Busksongar *Acrocephalus dumetorum*

1 syngande individ, Ulvik 2-3/7-1980 (Sætersdal1984). Einaste funn i Hordaland!

Gulsongar *Hippolais icterina*

Relativt fåtalig hekkefugl, spesielt tilknytt område med sumpskog langs elvar og vatn.

Tornsongar *Sylvia communis*


Syngande hann observert i Ulvikpollen 1990 og 8/6-1997 (Håland og Chapman 1998). Hekkar truleg fåtalig i kantvegetasjon rundt kulturmark.

Hagesongar *Sylvia borin*

Truleg fåtalig hekkefugl i rik lauvskog og kantskog.

Munk *Sylvia atricapilla*

Vanleg hekkefugl i frodig lauvskog og kantskog.

**Bøksongar** *Phylloscopus sibilatrix*

Sjeldan art i Hordaland. Observert i Ulvik, men ikkje påvist hekkande.

Gransongar *Phylloscopus collybita*

Truleg relativt vanleg hekkefugl, særleg i litt rikare lauvskog.

Lauvsongar *Phylloscopus trochilus*

Svært talrik hekkefugl.

Fuglekonge *Regulus regulus*

Relativt vanleg hekkefugl i hogstmogen granskog.

Gråflugesnappar *Muscicapa striata*

Relativt vanleg hekkefugl i open, frodig skog.

Svartkvitflugesnappar *Ficedula hypoleuca*

Vanleg hekkefugl. Holrugar som gjerne hekkar i kasser.

Stjertmeis *Aegithalos caudatus*

Truleg relativt fåtalig hekkefugl i lauv- og blandingskog. Påvist hekkande ved Hjeltnes 1997 (H. Dijkstra).

Lauvmeis *Parus palustris*

Truleg relativt vanleg hekkefugl i lauv- og blandingskog. Holrugar. Tar òg ibruk surrogat som kasser og andre eigna holrom.

Granmeis *Parus montanus*

Vanleg hekkefugl. Holrugar som gjerne hakkar ut reirholet i ein roten stubbe sjølv.

Toppmeis *Parus cristatus*

Relativt vanleg hekkefugl i barskog. Holrugar som gjerne hakkar ut reirholet i ein roten stubbe sjølv.

Svartmeis *Parus ater*

Relativt vanleg hekkefugl. Utprega skogsfugl som helst vil ha tilgang på gran. Holrugar som gjerne hekkar i kasser. Kan òg hekke i naturlege holrom på bakken.

Blåmeis *Parus caeruleus*

Vanleg hekkefugl. Holrugar som gjerne tar i bruk kasser og andre surrogat.

Kjøtmeis *Parus major*

Vanleg hekkefugl. Holrugar som gjerne tar i bruk kasser og andre surrogat.

Spettmeis *Sitta europaea*

Relativt fåtalig hekkefugl i litt rikare lauvskog. Hekkar i naturlege trehol og gamle spettehol. Kan òg hekke i kasser.

Trekrypar *Certhia familiaris*

Fåtalig hekkefugl i eldre lauv- og blandingskog.

Varslar *Lanius excubitor*

Sjeldan trekk- og vintergjest. 1 individ observert september 1999 (H. Dijkstra).

Nøtteskrike *Garrulus glandarius*

Relativt vanleg hekkefugl i barskog. Oppsøker gjerne fuglebrettet om vinteren.

Skjor *Pica pica*

Vanleg hekkefugl i tilknytning til kulturlandskap og bustadstrok.

Nøttekråke *Nucifraga caryocatactes*

Truleg fåtalig hekkefugl. M.a. eit individ ved Ulvikpollen 11/9-1994 (E. Chapman, Mjøs og Frantzen 1996a). Det er ikkje uvanleg å sjå opptil 10 individ samstundes (H. Dijkstra). Områda ved Ulvik-fjorden er truleg eit av dei "beste" områda for denne arten i Hordaland. Hekkar gjerne i granskog. Vil helst ha tilgang til hasselnøtter i nærleiken av reiret, men kan fly fleire kilometer frå territoriet for å finne mat.

Kaie *Corvus monedula*

Sjeldan og tilfeldig gjest. 14 individ observerte i Ulvikpollen 12/4-1993 (E. Chapman).

Kornkråke *Corvus frugilegus*

Nokre få observasjonar ved Ulvikpollen. M.a. eit individ ved Ulvikpollen 20/11 og 13/12-1992 (Chapman 1993), og eit individ same stad 27/4-1993 (Mjøs 1993), same individ?

Kråke *Corvus corone*

Vanleg hekkefugl i tilknytning til kulturlandskap og boligstrøk. Underarten **svartkråke** *Corvus corone corone* er observert ved Hallanger 10/3-2000 (Falkenberg 2001).

Ravn *Corvus corax*

Fåtalig hekkefugl i høgareliggende område.

Stare *Sturnus vulgaris*

Vanleg hekkefugl i tilknytning til kulturlandskapet.

Gråspurv *Passer domesticus*

Relativt vanleg hekkefugl i tilknytning til kulturlandskap og boligstrøk. På 1980-talet hekka det ein liten bestand på Finse, men denne er no borte.

Pilfink *Passer montanus*

Fåtalig streif- og vintergjest. 6 individ observert vinteren 1999/2000 (H. Dijkstra).

Bokfink *Fringilla coelebs*

Svært vanleg og talrik hekkefugl.

Bjørkefink *Fringilla montifringilla*

Vanleg hekkefugl i bjørkebeltet.

Grønfink *Carduelis chloris*

Truleg relativt vanlig hekkefugl.

Grønsisik *Carduelis spinus*

Vanleg hekkefugl i barskog.

Bergirisk *Carduelis flavirostris* **Ansv. hekkebestand**

Truleg relativt vanleg hekkefugl ovanfor skog-grensa.

Bergirisk

**Brunsisik** *Carduelis cabaret*

Vart tidlegare rekna som ein underart av gråsisik, men er på grunn av utbreiing, drakt-karakterar og storleik frå 1/1-2001 skilt ut som eingen art. Tilknytt kystfuruskog. Hekkande "gråsisik" i lågareliggende furuskog dreier seg truleg om brunsisik.

Gråsisik *Carduelis flammea*

Vanleg til talrik hekkefugl, spesielt i fjellbjørkeskogen.

Grankorsnebb *Loxia curvirostra*
Førekjem i mindre flokkar vinterstid. Hekking er ikkje konstatert.

Furukorsnebb *Loxia pyropsittacus*
Trulig fåtalig hekkefugl i barskog. Hekking er ikkje konstatert men eit syngande individ vart observert ved Hellås 1/4-2000 (O. Overvoll).

Konglebit *Pinicola enucleator*
Kan forekomme i mindre flokkar enkelte vint-
rar. M.a. 9 individ ved Hjeltnesåsen 20/12-
1998 (Falkenberg 1999).

Dompap *Pyrrhula pyrrhula*
Truleg fåtalig hekkefugl i barskog. Mindre flok-
kar blir observerte vinterstid.

Kjernebiter *Coccothraustes coccothraustes*
Sjeldan vintergjest. 1 individ observert bortmot
årleg ved Hjeltnes gartnerskule (H. Dijkstra).

Lappsporv *Calcarius lapponicus*
Fåtalig hekkefugl i fjellområda m.a. rundt Finse
(Lien og Østbye 1982).

Snøsporv *Plectrophenax nivalis*
Relativt fåtalig hekkefugl i fjellet, m.a. ved Fin-
se (Lien og Østbye 1982).



Gulsporv *Emberiza citrinella*
Hekkar truleg spreidd og fåtalig, men hekking
er ikkje konstatert.

Sivsporv *Emberiza schoeniclus*
Vanleg men fåtalig hekkefugl i tilknytning til
våtmark. Blir observert i Ulvikpollen regel-
messig i trekketidene.

PATTEDYR

INSEKTETARAR

Piggsvin *Erinaceus europaeus*
Omsynskrevjande (DM)
Fåtalig art i heradet. Piggsvinet er svært utsett
for påkjørslar og det er registrert spesielt

mange påkjørslar på fylkesvegen gjennom
jordbruksområdet mellom Lekve og Øydvinn.

Vanlig spissmus *Sorex araneus*
Vanleg art over heile heradet under skoggren-
sa. I samlingane ved Zoologisk Museum Ber-
gen (ZMB) er det fleire eksemplar frå Ulvik.

Dvergspissmus *Sorex minutus*
Truleg nesten like vanleg som vanleg spiss-
mus, men artane kan vere vanskelig å skilja i
felt. I samlingane ved Zoologisk Museum Ber-
gen (ZMB) er det fleire eksemplar frå Ulvik.

Vannspissmus *Meomys fodiens*
Som namnet seier er arten knytt til vatn og
vassdrag. Relativt fåtalig art som lett blir over-
sett. Arten er observert m.a. på Finse (Fram-
stad1997), men er ingen utprega fjellart.

FLAGGERMUS

Grunna vanskeleg artsbestemming er flagger-
mus ei dyregruppe ein veit relativt lite om.
Fram til 1989 var samlingane ved Zoologisk
Museum Bergen den viktigaste kjelda til kunn-
skapen vår om forekomst og utbreiing av dei
ulike flaggermusartane i Hordaland. I 1989 og
utover på 1990-talet gjennomførte Tor Stor-
mark feltundersøkingar i samband med ei ho-
vudfagsoppgåve. Han gjennomførte òg under-
søkingar finansiert av Fylkesmannen si miljø-
vernavdeling (ei oppsummering er gitt i Stor-
mark 1996). I 1998 og 1999 gjennomførte
Norsk Zoologisk Forening, på oppdrag frå Fyl-
kesmannen si miljøvern avdeling, ei fylkesdek-
kande undersøking av flaggermus (Syvertsen
m.fl. 2000). Desse undersøkingane har gitt
mykje ny kunnskap om utbreiing og forekomst
av flaggermus i Hordaland, og til no er sju artar
med sikkerheit registrerte i fylket. Tre av desse
er påvist i Ulvik.

Vannflaggermus *Myotis daubentonii* og **nord-
flaggermus** *Eptesicus nilssonii* må reknast som
relativt vanlege, medan **langøyreflaggermus**
Myotis daubentonii må reknast som fåtalig og er
kun registrert med eit individ i Ulvik kyrkje. Ein
fjerde art, **pygméflaggermus** *Pipistrellus pyg-
maeus*, finst truleg òg i heradet, men er enno ik-
kje påvist.

Av dei påviste flaggermusartane i Ulvik er
pygméflaggermus og langøyreflaggermus på
raudlista. Begge er oppførte i kategorien **bør
overvakast (DM)**. Dette er først og fremst eit ut-
trykk for at ein har dårleg kjennskap til artane.
Flaggermus er elles i ein spesiell forvaltningssi-
tuasjon, i og med at både dag-, vinter- og bar-
selkoloniar ofte er knytte til bygningar.

Meir informasjon om flaggermus kan finnast på internettsidene til Norsk Zoologisk Forening. Her vil du òg finne mykje informasjon om dei andre norske pattedyrartane: <http://www.zoologi.no>

HAREDYR

Hare *Lepus timidus*

Vanleg art i heile heradet. Gode harebiotopar er typisk i blandingsskog og i tilknytning til kulturmark, men arten er òg vanlig på fjellet.

GNAGRARAR

Ekorn *Castor fiber*

Relativt vanleg art i skog over heile heradet.

Brunrotte *Rattus norvegicus*

Ingen konkrete funn føreligg.

Lita skogmus *Apodemus sylvaticus*

Truleg vanleg art i skogområda og ved dyrka mark og busetnad.

Markmus *Microtus agrestis*

Vanleg art i store deler av heradet. Markmusa er ein av dei viktigaste artane involvert i dei sykliske smågnagarbestandane.

Fjellrotte *Microtus oeconomus*

Vanleg i fjellområda. Fjellrotta gjennomgår, som lemen, store, sykliske bestandssvingingar og er ein svært viktig økologisk faktor i fjellet.

Klatremus *Clethrionomys glareolus*

Vanleg art. Dokumentert med fleire funn ved BZM.

Gråsidemus *Clethrionomys rufocanus*

Vanleg i fjellområda i heradet.

Lemen *Lemmus lemmus*

Anvarsart

Vanleg i fjellområda. Arten er kjend for sine store bestandssvingingar og er ein svært viktig økologisk faktor i fjellet.



© Viggo Ree

ROVDYR

Ulv *Canis lupus*

Fanst i områda på og rundt Hardangervidda under siste "ulveperiode" frå 1800 til ut på 1860-talet (Mysterud 1997). Siste ulv i Hordaland vart felt i 1868.

Raudrev *Vulpes vulpes*

Vanlig i heile heradet. Reveskabb har redusert bestanden i periodar.

Fjellrev *Alopex lagopus*

Direkte trua (E)

Fjellreven var tidlegare vanleg ved Finse og elles på Hardangervidda. I Ulvik lensmannsdistrikt vart det i lemenåret 1887 utbetalt skotpremie for 137 rev; av desse var 126 fjellrev. Arten vart freda i Noreg i 1930. Like fullt vart nokre dyr framleis felt. I perioden 1960-75 vart minst 8 dyr skotne i Finseområdet.

Ein kjenner til fleire gamle hiområde for fjellrev i Ulvik, men berre eit fåtal av desse har vore i bruk dei siste ti åra. Bestanden i Finse-/Hardangerviddaområdet er no den einaste kjente bestanden sør for Dovre. Dei siste ti åra har denne bestanden bestått av minimum 2-4 familiar.

Grunna den kritiske bestandssituasjonen for fjellreven har det blitt sett igang eit landsomfattande overvåkingsprosjekt, der også bestanden i Finse-/Hardangerviddaområdet er inkludert. Prosjektet er eit samarbeid mellom Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) og Hardangervidda fjelloppsyn (fjellstyret) og blir finansiert av Direktoratet for naturforvaltning og aktuelle fylkesmenn. Fra og med 2000 har ein forsøkt å fange inn kvalpar for avl og seinare utsetjing (i 2001 vart det fanga inn 3 kvalpar i Finsetrakten). I Finseområdet blir det òg forsøkt støtteføring av fjellrev.

Bjørn *Ursus arctos*

Sårbar (V)

Fåtalig utbreidd i Hordaland fram til tidleg på 1900-talet. Usikkert når siste observasjon av bjørn i Ulvik vart gjort. Siste bjørn skoten i Hordaland vart felt i 1905.

Mink *Mustela vison*

Vanleg art langs vassdrag i heradet.

Røyskatt *Mustela ereminea*

Vanleg. Bestanden svingar i forhold til smågnagarbestandane.

Snømus *Mustela nivalis*

Truleg relativt vanleg art i høgareliggjande områda. Som hos røyskatten svingar bestanden i forhold til smågnagarbestandane.

Mår *Martes martes*

Vanleg i skogtraktene opp til tregrensa.

Oter *Lutra lutra***Bør overvakast (DM)****Ansvarsart**

Var tidlegare relativt vanleg, men dagens status er usikker. Har truleg vore heilt borte i fleire år. I mars 2001 vart det observeret spor som truleg var av oter på grensa mot Ullensvang ved Djonno (H. Dijkstra). Vinteren 2001/02 vart det funne ein oter drukna i fiskegarn i Granvin.

Jerv *Gulo gulo***Sjeldan (R)**

Var tidlegare ein naturleg del av økosystemet på Hardangervidda. Opptre no berre som sporadisk streifdyr.

Gaupe *Lynx lynx***Bør overvakast (DM)**

Streifdyr kan forekomme sporadisk.

SELAR

Steinkobbe *Phoca vitulina*

Nokre få individ (ca. 5-7) ser ut til å ha tilnærma fast tilhald i fjordområda og det er registrert fleire faste kvileplassar på land. I følgje lokale opplysningar skal talet på dyr ha auka noko dei siste åra. Om dei same individa verkeleg har fast tilhald i området over lengre tid er usikkert, men hadde vore interessant å sett litt nærmare på.

KVALAR

Nise *Phocoena phocoena***Ansvarsart**

Sjåast regelmessig på næringsssøk i fjorden.

HJORTEDYR

Hjort *Cervus elaphus*

Vanleg over det meste av skogområda i heradet. Utnyttar òg beite i fjellet sommarstid. Hjorten er den nest største jaktressursen i Ulvik, med 44 felte dyr i 1999 som førebels rekord (Figur 1). Dette utgjer ei slaktevekt på ca. 2,6 tonn og ein førstehands kjøtverdi på rundt 130000 kr.

Hjorten har lenge vore i vekst over heile Vestlandet. Til no har denne veksten ikkje vore avgrensa av beitegrunnlaget, men ytterlegare vekst vil etterkvart kunne endre dette. Hjorteforvaltninga er ein av dei store utfordringane for viltforvaltninga. Kor stor ein ønskjer at hjortebestanden skal vere, blir ei avveging mellom ønsket om ein stor bestand, best mogleg kondisjon på dyra og minst mogleg beiteskadar.

Å peike ut område som er spesielt viktige for hjorten er vanskeleg. Men generelt vil lågare-

liggjande, sørvendte skoglier med tynnt eller kortvarig snødekke kunne vere ein minimumsfaktor vinterstid, spesielt i snørike vintrar. Område som peikar seg ut i Ulvik er liene langs Osafjorden, Staurnes og Åsheim-Hallanger mot Djonno.

Hjorten brukar ofte spesielle trekkveggar ved forflytning mellom område (trekk t.d. mellom dagleie og beiteområde, mellom lokale beiteområde og lengre trekk i samband med forflytningar mellom sommar- og vinterbeite). Stort sett er dyra fleksible på den måten at dei kan justere trekkrutene i fohold til eventuelle inngrep. Før ein gjer inngrep i slike trekkruoter bør ein imidlertid vurdere om inngrepet fører til vesentlig innskrenking av hjorten sine moglegheter til å forflytte seg.

Elg *Alces alces*

Bestanden av elg i Ulvik er framleis liten, truleg i overkant av 20 dyr. Det har vore ein vekst i bestanden dei siste åra. Under ei viltteljing gjennomført 1. april 2000 vart det registrert 20 dyr. 10 av desse vart sett i Bangstrondområdet, som blir rekna som det viktigaste området for elg i Ulvik. Dette området er truleg òg viktig for rekrutteringa av elg til Eidfjord kommune. Jaktstatistikk for elg er vist i Figur 2.

Rådyr *Capreolus capreolus*

Truleg ingen fast bestand, men streifdyr kan førekomme. På 1950-talet vart det sett ut nokre dyr i Espelandsdalen. Kor vidt desse dyra slo seg til i området og danna grunnlag for ei lita, temporær rådyrstamme har vi ikkje opplysningar om.


Villrein *Rangifer tarandus***Ansvarsart**

Villreinen er den største jaktressursen i Ulvik. I 1998 vart det felt 223 dyr (sjå tekst til Figur 3). Dette utgjer ei slaktevekt på ca. 7,5 tonn med ein førstehands kjøtverdi på 375 000 kr.


Ulvik har tre ulike rein-"stammar" innan si heradsgrense. På Oksenhalvøya vart det tidleg på 1980-talet sett ut 12-15 dyr som var innkjøpt tamrein frå Oppland. Denne "stamma" utgjer no 30-40 dyr. Nordfjella villreinområde er det 6. største i landet og dekkjer eit område på 2900 km². Det omfattar området nord for Bergensbanen og er avgrensa av Sognefjorden, Lærdalsdalføret i nord Hemsedal i aust. Teljingar i byrjinga av 1990-talet indikerer ein bestand på i underkant av 2500 dyr (Jordhøy m.fl. 1996). Området har tidlegare vore ein del av Hardangervidda, men riksveg og jernbane utgjer viktige hinder for utveksling av dyr mellom Nordfjella og Hardangervidda. Ei viss utveksling finn likevel stad og store delar av Hardangerviddastammen brukte Nordfjella som vinterbeite i perioden 1976-81 (Jordhøy m.fl.

1996). Opninga av Finsetunnelen har truleg betra potensialet for utveksling av dyr mellom områda sør- og nord for Bergensbanen, men Jordhøy og Strand (1999) påpeikar at turisttrafikken rundt Finse og Rallarvegen kan ha ein sterk barriereskapande effekt. Hardangervidda er landets største villreinområde og dekker vel 8000 km². Området var tidlegare samanhengande med Nordfjella, Norefjell-Blefjell og Setesdal-Ryfylke, men er no avgrensa av Bergensbanen i nord og Riksveg


7 over Haukeli i sør. Grunna storleiken på området og reinen sin områdebruk har det vist seg vanskeleg å gjennomføre pålitelige teljingar. Dagens bestand ligg truleg under målsettinga i driftsplanen på 10 000 vinterdyr. Estimert for vinterbestand basert på teljingar 15.mars 2002 er mellom 5500 og 6500 dyr (Lund 2002). Meir stoff om bestandstal og villreinforvaltning finn ein på internetsida www.villrein.no.



Figur 1. Tal på tildelte løyve og felt hjort i Ulvik 1981-2000.



Figur 2. Tal på tildelte løyve og felt elg i Ulvik 1981-2000 (Frå 1988-1995 vart det ikkje gitt løyve).



Figur 3. Tal på tildelte løyve og felt villrein i Ulvik 1981-2000.

Den totale fellingskvoten på villrein blir fastsett av villreinutvalet på grunnlag av m.a. bestandsestimat og vurdering av beitegrunnlag. Kor mange dyr som tilfeldig det enkelte heradet blir rekna ut på grunnlag i teljande villreinareal i heradet. Kor dyra står i jaktperioden er avhengig av ver-, snø- og beiteforhold. Dette igjen påverkar både kvar dyra vert skotne og jakteffektiviteten. For å gjere jaktuttaket meir effektivt har ein innført ei ordning med samjaksavtalar, som gjer at t.d. jegarar frå Ulvik kan få fellingsløyve i andre herad. Dyra i statistikken for Ulvik treng difor ikkje vere felte innanfor heradsgrensene. Frå 1998-2001 har det berre blitt felt 37 dyr innan Ulvik sine heradsgrensar, alle i Nordfjella villreinområde.



BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTET

SKOGBRUK

Kun ein liten del av arealet i Ulvik er skogkledd (Kart 1). Den produktive skogen utgjer berre omlag 6% av heradet sitt totale areal. Likevel er svært mange av viltartane i heradet knytt til nettopp skogsmiljøa og difor står den enkelte skogeigar i ei særstilling når det gjeld forvaltning av viltet sine leveområde.

Dagens konflikt mellom viltinteresser og skogbruksinteresser er knytt til intensiv utnytting av skogareala for tømmerproduksjon på høge bonitetar. Storfugl, hønsehauk er blant dei mest utsette artane i denne samanhengen. Dei områda som er mest attraktive for desse artane er samstundes dei mest attraktive i skogbruks-samanheng. Tilbakegangen av begge desse artane har først og fremst skjedd etter ca. 1950, i samband med innføringa av bestandskogbruket. Større hogstflater og treslagskifte og ein meir einsarta skogstruktur har mange stader ført til usamanhengande leveområde med dårlegare tilgang på det føretrakke habitatet. Dermed blir leveområda for kvart enkelt individ større og dermed blir det plass til færre individ. Bestandsskogbruket har òg negative konsekvensar for spettane. Naturleg døde, ståande tre er viktig for dei fleste av desse artane og dette er ofte mangelvare i dagens skogkulturlandskap. Mangel på eldre ospeholt kan òg vere eit problem. Spesielt gråspetten er avhengig av tilgang på eldre osp som reirtre. Ei rekkje andre holrugande fugleartar er avhengige av gamle spettehol som reirplass. Ein nedgang i talet på spetter kan difor òg få konsekvensar for desse såkalla sekundære holrugarane.

Etterkvart har auka kunnskap om økologi gjort det mogleg å drive skogen meir økologisk riktig. Dei siste åra har skogbruket vist større vilje til å ta fleirbruksomsyn i skogbruksplanlegginga. I Ulvik har t.d. omlag halvparten av skogeigarane (flesteparten av dei aktive skogbrukarane) gjennomført studieringen "Standarder for et bærekraftig skogbruk" der nettopp omsynet til miljøverdiar har ei sentral rolle. Det kan sjølvstøtt likevel ofte kome til konflikt mellom ønsket om å drive skogen økologisk forsvarleg og samstundes maksimere det økonomiske utbytet. God skogbruksplanlegging, der også kunnskap om økologi har ein sentral plass, er svært viktig i denne samanheng. Skogteigane i Ulvik er små og med god teigblanding. Dette gjev eit variert skogbruk. Likevel nemner vi nokre tiltak som vil vere viktige for å ivareta viltinteressene.

- Eit visst minimumsareal med gammalskog bør oppretthaldast.
- Ein bør sette att kantskog mot myr, elvar, vatn og dyrka mark.
- Ein bør unngå hogst i bekkekløfter, like under bratte bergskrentar og på rasmark.
- Mindre øyar på myr og i vatn er ofte viktige hekkelokalitetar og bør difor ikkje hoggast.
- Sumpskog bør i størst mogleg grad sparast for hogst. Sumpskog er ofte svært viktig som beiteområde og hekkeområde for fugl. Det er òg ein arealmessig lite utbreidd naturtype.
- Ein bør unngå grøfting av myr og "vassjuk mark".
- Sett igjen nokre store tre.
- Sett igjen døde tre og store lauvtre, særleg osp. Dette for å oppretthalde reirtre og viktige næringskjelder for spettar.
- Unngå treslagsskifte i dei frodigaste lauvskogsområda.
- Ta omsyn til funksjonsområde for spesielle artar som reirområde for rovfugl, leikområde for storfugl og eldre ospeholt for spettar.
- Ved vegframføring og hogst i viktige- og svært viktige viltområde er det viktig at viltmyndighetene tidleg blir tatt med i planlegginga.

JORDBRUK

Også jordbrukslandskapet er svært viktig for mange viltartar. Mange av viltartane finst i høgare tal i jordbrukslandskapet enn dei ville ha gjort naturleg. Enkelte artar ville òg vore sjeldne eller kanskje heilt fråverande lokalt utan jordbrukslandskapet (t.d. låvesvale og stare).

Intensivering og mekanisering av jordbruket har ført til eit meir einsarta landskap der tilgangen på ulike levestader er lågare enn ved tradisjonell jordbruksdrift. Karakteristiske trekk ved dagens jordbruk som kan ha negative konsekvensar for viltet er: Attgroing av beitemark, kanalisering og lukking av bekkar, grøfting av fuktmark, fjerning av kantskog og åkerholmar, sprøyting, vassforureining ved utslepp av gjødsel og silosaft, tørrlegging og oppdyrking av våtmark.

Mange stader har ei veksande hjortestamme ført til auka problem med beiteskadar på innmark. Det er òg tidvis konflikhtar mellom rovdyr og sauehald i enkelte område. I Ulvik har denne konflikta først og fremst vore knytt til kongeørn.

FRILUFTSLIV OG FERDSEL

I Noreg har allmenta lovfesta rett til fri ferdsel i utmarka. Dette gjeld dei fleste former for friluftsliv, men med visse avgrensingar (jakt, fiske og motorisert- og organisert ferdsel). Ferdsel i utmark er ofte eit resultat av den enkelte si interesse for natur og naturopplevingar. Likevel vil slik ferdsel, både til lands og til vanns, nesten alltid kunne ha visse negative konsekvensar for viltet. Spesielt i yngletida er mange viltartar vare for forstyrningar, men også til andre årstider kan stress på grunn av ferdsel kunne føre til at enkelte artar endrar bruken av området. Stor generell ferdsel kan føre til lavare bestandar av fleire artar som t.d. hjortevilt, hønsfugl og rovfugl. Hundar kan gjere stor skade på viltet dersom dei blir sleppte laus i viltet si yngletid. Det er difor innført bandtvang i tida mellom 1. april og 20. august.

For Ulvik sitt vedkommande knyter det seg spesielle konflikter til områda rundt Rallarvegen og Finse. Dette er eit svært mykje brukt turrområde for tilreisande både frå inn- og utland.

JAKT

Som ved anna ferdsel i utmark kan jakt, ved ferdsel i seg sjølv, ha uheldige verknader på viltet, også på artar som ikkje er jaktbare. Jakta foregår imidlertid til den tida på året då viltet er minst sårbar for forstyrningar.

Når det gjeld hjortevilt er jakta eit viktig bestandsregulerande verkemiddel. Prinsippet om retta avskyting er innført for å oppnå ei ønska kjønns- og alderssamansetjing i bestanden for dermed å oppnå optimal produksjon. Retta avskyting føreset at ein har god kjennskap til bestandsstorleik og alders- og kjønnsfordelinga i bestanden. "For store" bestandar av hjortevilt kan føre til lågare slaktevekter (generelt dårlegare kondisjon), redusert overleving om vinterein og store beiteskadar på skog og innmark. Kor stor ein ønskjer at bestanden av dei ulike hjorteviltartane skal vere blir difor ei avveging mellom optimal produksjon i forhold til tilgjengeleg beite og omfanget av beiteskadar.

Når det gjeld småvilt er uttaket i samband med jakta antatt å ha liten innverknad på viltbestandane talmessig. Likevel vil eit høgt lokalt jakttrykk over tid truleg kunne føre til ein reduksjon i lokale viltbestandar (Kastdalen 1992, Hjeljord 1994), både som ein følgje av sjølve uttaket, og ved at viltet flyttar til andre område. Det er sjølvstakt grenser for kor stort jakttrykk ein bestand tåler, difor er det viktig at den lokale viltforvaltninga til ei kvar tid vurderer kvar grensa for forsvarleg uttak går.

ULOVLEG JAKT/ETTERSTREBING

Jakt og fangst av freda vilt, særleg trua og sårbare rovfuglar og ugler, er eit utbreidd problem på landsbasis. Dette gjeld både krypskyting med tanke på utstopping og ulovleg innsamling av egg og ungar til f.eks. falkonerer, i tillegg til felling av "skadevilt". Omfanget av slik aktivitet lokalt i Ulvik er ikkje kjent, men viltansvarlig i heradet bør prøve å halde seg oppdatert på dei opplysningane som eksisterer om hekkeplassane til dei aktuelle artane. Ved mistanke om ulovleg verksemd må lensmannsetaten varslast omgåande. Ved særleg utsette stader bør ein òg vurdere eit oppsynssamarbeid med folk frå lokalmiljøet med interesse og kunnskap.

BUSTADOMRÅDE OG INDUSTRI

Bygging av bustadar, industri, havneområde osv. vil alltid ha visse negative konsekvensar for enkelte viltartar, både direkte og indirekte. Direkte ved sjølve arealinngrepet og indirekte ved auka aktivitet, ferdsel og støy. I framtidig arealforvaltning er det viktig at industri og bustadfelt ikkje blir lagt innanfor viktige- og svært viktige viltområde og heller ikkje så nær inntil desse at ein påverkar områda negativt. Det same gjeld for hyttebygging. Hyttebygging og hytteliv har lange tradisjonar i Noreg og Ulvik er ikkje noko unntak. Heradet har eit betydelig antal hytter og det er grunn til å tru at trafikken, særleg i påska, kan verke forstyrrende på stadeigne viltbestandar.

VEGAR

Vegbygging har gjennom tidene forringa mange viltområde. Vegbygging fører ofte til store inngrep i viktige viltområde og fragmentering av landskapet. Dette gjeld både bilvegar, jernbane, anleggsvegar og traktor-/skogsbilvegar. Vegframføring opnar òg for auka tilgjenge til område som frå før var lite tilgjengelege. Dette kan føre til auka fortyrringseffekt langt utanfor området langs sjølve vegtraséen. Påkjørslar av vilt i vegbanen er òg stadvis eit alvorleg problem, ikkje berre for viltet men òg når det gjeld trafikktryggleik. Ved nøye planlegging og tilrettelegging kan skadeverknadane avgrensast. Ved bygging av skogsbilvegar er det viktig at skogetaten tar kontakt med viltforvaltingsmyndigheitene, for i størst mogleg grad å unngå alvorlege konflikter.

Konfliktane mellom vilt og veg, gjeld òg generelt mellom vilt og jernbane. Då Bergensbanen i si tid kom, førte dette til ei splitting av leveområdet for villreinen på Hardangervidda. Jernbanen er eit effektivt vandringshinder for villreinen og er truleg den største barrieren for ut-

veksling av dyr mellom Nordfjella og Hardangervidda. Dette forholdet har betra seg etter at Finsetunnelen vart teken i bruk. Men jernbanen har opna for stor turisttrafikk i høgfjellet. Områda rundt anleggsvegen og Finse har spesielt høgt ferdsepress og dette kan òg utgjere eit viktig vandringshinder (Jordhøy og Strand 1999).

Også for fjellreven har jernbanen hatt negative følgjer i form av påkjørslar. I perioden 1960-75 registrerte ein minst 10 fjellrev påkøyrd av toget i Finseområdet. Fjellreven var truleg ekstra utsett fordi han vart tiltrukken av avfall langs jernbanetrasèen.

VASSKRAFTUTBYGGING

Ved kraftutbygging kan det oppstå ei rekkje uheldige konsekvensar for viltet, både direkte og indirekte. Direkte ved forringing og øydelegging av hekke- og yngleområde og indirekte ved forringing av næringstilgang. Anleggsverksemda fører ofte til store arealinngrep (vegframføring og tunneltipp), i tillegg kan aktiviteten i anleggsperioden verke forstyrrande. Anleggsvegane lettar dessutan tilgangen til avsidesliggande område. Regulering av vatn kan føre til oversvømming av tidlegare hekke- og næringsøksområde og redusert næringstilgang som følgje av endra forhold i vatn og elvar (td. dårlegare gyteforhold for fisk, dårlegare produksjon av botndyr, endra djupneforhold og hyppige og store vannstandsendingar). Tørrlegging av elvar kan føre til lågare produksjon av insekt som har larvestadiet i vatn, noko som fører til dårlegare næringstilgang for fugl som lever av insekt i og ved elva. Lomartane er spesielt utsette for hyppige vannstandsendingar fordi dei oftast bygger reiret like i vasskanten.

Dei fleste større vatn og vassdrag i heradet er allereie utbygd. Reguleringshøgda i vatna i Tyssovassdraget og Osavassdraget er stor og uregelmessig.

KRAFTLEIDNINGAR

Kollisjon med kraftleidningar tek truleg kvart år livet av fleire fuglar enn det som blir felt under jakta. Reknar ein med alle dei ikkje jaktbare fugleartane kan talet på drepne fugl kome opp i fleire millionar på landsbasis kvart år. Det er difor viktig å ta viltomsyn ved framføring av eventuelle nye traséar. Alle former for utbygging er i utgangspunktet uønskt i dei svært viktige- og viktige viltområda, men dersom ein linjetrasé er uunngåeleg, kan god planlegging redusere skadeverknadane. I spesielt utsette område bør ein vurdere jordkabel, men dette er eit svært kostbart alternativ.

Enkelte rovfuglar og ugler brukar gjerne stolpar som utkikkspost og døyr av elektrokusjon ved landing og letting (t.d. dersom vingane kjem borti to straumførande leidningar samstundes). Problemet med elektrokusjon kan fjernast ved å isolere leidningane med plaststrømper dei første metrane ut frå kvar stolpe.

Leidningstraséar bør ikkje leggjast i inn- og utflygingsruta frå våtmarkslokalitetar, nær spelplassar for skogshøns eller i nærleiken av hekkplassar for rovfugl. Generelt er det dei mindre leidningstraséane som er farlege for viltet. Desse er mindre synlege og ligg ofte i høgde med tretoppene.

AVFALL

Opne avfallsplassar har ofte blitt trekte fram i samband med uønskt store populasjonar av rev og kråkefugl, som blir sett på som viktige predatorar på egg og ungar av ryer og skogshøns. *Kor stor rolle kråkefuglane spelar her er høgst usikkert. Reven ser ut til å spele ei langt viktigare rolle enn både rovfugl, kråkefugl og mårdyr når det gjeld regulering av skogshønsbestandane* (Selås m. fl. 1995). Små, private avfallsplassar "bak løa" kan ha den same effekten som større kommunale fyllingar. Det har òg blitt reist spørsmål om slakteavfall frå hjort- og reinsjakta kan bidra til å oppretthalde "unaturleg store" bestandar av rev og kråkefugl (Smedshaug & Sonerud 1997). Dersom ein har mistanke om at dette kan vere eit problem, bør ein ta konsekvensen av dette og "feie for eiga dør".

BRUKEN AV HØGFJELLET

Mesteparten av arealet i Ulvik er høgfjell, og det er truleg i desse områda dei største endringane i faunaen har funne stad dei siste tiåra. Endringane er lette å registrere, men årsakene er ikkje like lette å finne.

Om lag kvart fjerde år skal det vere "smagnagarår" i den norske fjellheimen. Dette ser ikkje ut til å vere like tydelig lenger. Og bestandstoppene har gjerne funne stad til tider av året når hekkande rovfuglar, fjellrev og anna dyreliv ikkje har så stor nytte av det. Det siste verkeleg gode smågnagaråret som fall saman med forsommaren er faktisk så langt attende som 1974. Høg-fjellsnaturen synest på dette nivået å vere "ute av fase", med store endringar i dyrelivet som eit resultat. Fjellreven er mest vekke, snøugla like eins. Det hekkar truleg også mindre rovfugl i fjellet enn før. Truleg er også bestandane av lirype og fjellrype mindre, og jamvel vadefuglar vert påverka indirekte.

Vi kjenner ennå ikkje så godt årsakene til denne utviklinga. Endringar i klima kan vere ein viktig faktor, kanskje også effektar av langtransportert

ureining. Det siste tiåret har det vore forska ein del på om beiting av sau i høg fjellet kan ha innverknad på naturen på ein måte som vi ikkje har oversikt over i dag. Slik forskning har m.a. funne stad på Finse. Teorien er at når visse plantar vert beita på, produserer dei antibeitestoff som gjer dei lite attraktive å beite på av andre dyr i ettertid. Plantane produserer slike stoff anten dei vert etne av lemen, sau eller andre dyr, men innhaldet av antibeitestoff går ned etter ei tid dersom planten får vere i fred. I smågnagarår vert dette beitetrykket særleg stort på kort tid, det same vert innhaldet av antibeitestoff. Det siste vert etter ei tid så stort at plantane vert ueigna som mat – bestandane av smågnagarar bryt saman på kort tid, og brukar 3-4 år på å byggje seg opp att til ein ny topp. Dette kan forklare svingingane i smågnagarbestandane. Effekten

av beiting frå sau vert ganske annleis. Sauen lever ikkje meir enn nokre månader av året i fjellet. Dersom plantane reagerer på omlag same vis på beiting frå sau som frå lemen, vil dei produsere antibeitestoff kvart år og sjeldan eller aldri verte heilt frie for desse antistoffa. Somme forskarar meiner såleis at nokre tiår med årvisst, tilnærma konstant beitetrykk frå sau er ei avgjerande årsak til at smågnagarane ikkje svingar i bestand like markert som før. I så fall er dette dramatisk, ikkje berre for framtidsutsiktene for dyrelivet i Ulvikfjella, men i heile landet. Mykje forskning står likevel att før ein med rimeleg sikkerheit kan slå fast kva som er dei viktigaste årsakene til dei omfattande endringane vi har sett i fjellet dei siste tiåra.

INFORMANTAR

Viltregistreringane baserer seg i stor grad på intervju med personar med god kjennskap til lokale viltførekomstar. Utan desse ressurepersonane hadde det ikkje vore mogleg å gjennomført prosjektet innanfor dei rammene som var sett. Stor takk til alle!

Bolstad Harald	Ulvik	Lindvik Leif	Hallanger
Brandstveit Olav	Ulvik	Ljones Steinar	Ulvik
Torgrim Breiehagen	Universitetet i Oslo	Oldervoll Bård	Eidfjord
Børsheim Johan	Ulvik	Rieber Vidar	Eidfjord
Dijkstra Harry	Ulvik	Rondestveit Olav	Ulvik
Flatabø Geir	Ulvik	Rondestveit Per	Ulvik
Fosso Olav	Ulvik	Seim Helge Steinar	Eidfjord
Frøystein Johannes	Ulvik	Strand Olav	NINA
Haga Øyvin	Ulvik	Sygnestveit Knut	Ulvik
Hallanger Jørgen	Osa	Utne Jon	Ulvik
Hallanger Magne	Hallanger	Vatle Torstein	Eidfjord
Hammer Odd	Ulvik	Warrend Tom	Universitetet i Oslo
Hjeltnes Gunnar	Ulvik	Østbye Eivind	Universitetet i Oslo
Holte Sylfest	Eidfjord	Øydvinn Torbjørn	Ulvik
Johnsen Harald	Ulvik	Aarsand Bjørn Inge	Ulvik
Lekve Olav T.	Ulvik		

LITTERATUR

- Danielsen, I. 1996. Handlingsplan for truede og sårbare viltarter i Hordaland - med rødliste. MVA-rapport 2-1996. 74 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1996. Viltkartlegging. DN-håndbok 11. 112 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998. DN-rapport 1999-3. 162 s.
- Djønne, R. 2001. Biologisk mangfold i Ulvik. Kartlegging av naturtyper og verdsetjing av biologisk mangfold. – Rapportutkast, Ulvik herad og Fylkesmannen i Hordaland.
- Breiehagen, T. 1980. Vårtrekkes forløp på Finsefotene, Finse (1203 moh) i 1980. – Krompen 9: 168-171.
- Breiehagen, T. 1991. Forekomsten av noen mindre vanlige fuglearter ved Finse vår/ sommer 1980-84. – Krompen 20: 63-64.
- Chapman, E. 1991a. Fuglar i Ulvik. – Krompen 20: 114-116.
- Chapman, E. 1991b. Ornitologiske undersøkingar i Ulvikpollen 1989-90. – Krompen 20: 118-126.
- Chapman, E. 1991c. Dverglo i Ulvikpollen. – Krompen 20: 129.
- Chapman, E. 1992. Årsberetning for LRSK-Hordaland 1991. – Krompen 21: 56-61.
- Chapman, E. 1993a. Årsmelding for LRSK-Hordaland 1992. – Krompen 22: 62-68.
- Chapman, E. 1993b. Ulvikpollen - med den første kamuflasjehytta i fylket. – Krompen 22: 106-107.
- Falkenberg 1999. Fugler i Hordaland 1998. – Krompen 28: 66-87.
- Falkenberg 2000. Fugler i Hordaland 1999. – Krompen 29: 73-103.
- Falkenberg 2001. Fugler i Hordaland 2000. – Krompen 30: 74-104.
- Flatabø, G. 1991. Plantelivet i Ulvik. – Krompen 20: 136-138.
- Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. *Norsk fugleatlas*. – Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu.
- Hjeljord, O. 1995. Ryper og jakt. Hvor stort uttak tåler en rypestamme? – Fagnytt Naturforvaltning nr. 6-1995. 4 s. Norges landbrukshøgskole.
- Håland, A. og Chapman, E. 1998. Ornitologisk status for 4 naturreservater i Voss, Granvin og Ulvik kommuner. Vurdering av trusler, skjøtselsbehov og tiltak for informasjonsformidling. NNI-rapport nr. 19: 1-61.
- Jordhøy, P. og Strand, O. 1999. Tunnellegging av Bergensbanen vest for Finse. Belysning av økologiske problemstillinger knyttet til re-etablering av villreintrekk. – NINA Oppdragsmelding 618: 1-29.
- Jordhøy, P., Strand, O., Skogland, T., Gaare, E. & Holmstrøm, F. 1996. Oppsummeringsrapport, overvåkningsprogram for hjortevilt - villreindelen 1991-1995. – NINA fagrappport 22: 1-57.
- Kastdalen, I. 1992. Skogshøns og jakt. – Rapport, Norges Jeger og Fiskerforbund. 37s.
- Lien, L. og Østbye, E. 1982. Spurvefugl og vadere i høyfjellet; litt om næringsbiologi, populasjonsvariasjoner og fuglesamfunn. S. 169-183 i Østbye, E. og Mysterud, I (red.): Høyfjellsøkologi. Foreløpig kompendium til kursbruk. Universitetene i Bergen og Oslo.
- Lund, S.E. 2002. Hardangervidda villreinområde. Minimumstilling villrein 15. mars 2002. – Rapport for Hardangervidda villreinutval: 1-14.
- Mjøs, A.T. 1995. Hordlandsrapporten 1993. – Krompen 24: 16-24.
- Mjøs, A.T. og Frantzen 1996a. Hordalandsrapporten 1994. – Krompen 25: 96-39.
- Mjøs, A.T. og Frantzen 1996b. Hordalandsrapporten 1995. – Krompen 25: 63-74.
- Mjøs, A.T. og Frantzen 1997. Hordalandsrapporten 1996. – Krompen 26: 180-193.
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss. 199s.
- Mysterud, I. 1997. Rovdyr på Hardangervidda. S. 47-48 i Sømme, L. og Østbye E. (red.): Finse – et senter for høyfjellsforskning. Et skrift for 25 års jubileet for Høyfjellsøkologisk forskningsstasjon, Finse.
- Osaland, O.M. 1990. Ornitologiske observasjoner 1989. – Krompen 19: 17-24.
- Pedersen 1995. Sjeldne fugler i Hordaland 1994. – Krompen 24: 74-78.
- Pedersen 1997. Sjeldne fugler i Hordaland 1996. – Krompen 26: 118-127.
- Selås, V., Smedshaug, C.A., Lund, S.E. & Sonerud, G. 1995. Reveskabbens betydning for småviltet i Norge. – Fagnytt naturforvaltning nr. 10-1995: 1-4. Norges landbrukshøgskole.
- Smedshaug, C.A. og Sonerud, G.A. 1997. Rovdyr, åtsler og predasjon på småvilt. – Fagnytt naturforvaltning nr. 8-1997: 1-4. Norges landbrukshøgskole.
- Stormark, T.A. 1996. Flaggermus i Hordaland. Del III, s. 174-180 i Olsen, K.M. (red.): Kunnskapsstatus for flaggermus i Norge. – Norsk Zoologisk Forening. Rapport 2. 210 s.
- Syvvertsen, P.O., Isaksen, K., Olsen, K.M., Rigstad, K. og Starholm, T. 2001. Kartlegging av flaggermus i Hordaland. Kunnskapsstatus 1999. – Norsk Zoologisk Forening. Rapport 9, manuskript.
- Sætersdal, M. 1984. Rapport fra LRSK for 1983. – Krompen 13: 111-113.
- Sømme, L. & Østbye, E. (red.) 1997. Finse – et senter for høyfjellsforskning. – Høyfjellsøkologisk forskningsstasjon Finse. Hefte. 56 s.
- Wiers, T., Rondestveit, O. og Finne, K. 2000. Vilttaksering i Ulvik kommune 1. april 2000. Rapport, Ulvik herad.
- Østbye, E. 2001. Fetavatt som ble til Finsefotene – en metamorfose fra fjellvann til beitemark. – Fauna 54: 15-26.

VEDLEGG 1. ARTSLISTE FOR ULVIK

I den følgjande artslista har vi prøvd å gje ein grov kvantitativ status for dei ulike viltartane i Ulvik. Mange av desse vurderingane er høgst skjønsmessige! For det første er kunnskapsgrunnlaget i mange tilfelle for dårleg. Og særleg når det gjeld fuglar varierer talet svært mykje frå årstid til årstid og frå år til år. Det er sjølvstøtt og store nyansar i forekomsten artane imellom, og ikkje minst mellom dei ulike artsgruppene, som er umogleg å få fram i ei slik oversikt. For nokre artar, der ein meiner å ha grunnlag for det, er det gjort eit estimat for talet på hekkepar. Det vil òg vere mogleg å finna meir utfyllande informasjon i statuskapitlet for nokre artar. Ein del av vurderingane i lista kan heilt sikkert diskuteras, og det er eit ønske at ein i framtida skal få betre kunnskap om dei ulike artane sin status i heradet.

Følgjande kodesystem er brukt:

Status	Førekost
D konstatert hekking	(x) enkeltobservasjonar
C sannsynlig hekking	(xx) uregelmessig, fåtalig
B mulig hekking	X regelmessig, fåtalig
O observert	XX vanlig
* tidlegare	XXX talrik

Antal artar innan dei ulike dyregruppene

	Status				Totalt
	D	C	B	O	
Amfibiar	1	0	0	0	1
Krypdyr	1	0	0	0	1
Fuglar	71	30	5	63	169
Pattedyr	11	13	4	5	33
Totalt	84	43	9	68	204

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
AMFIBIAR						
Frosk	<i>Rana temporaria</i>	D	XX	XX	XX	XX
KRYPDYR						
Hoggorm	<i>Vipera berus</i>	C	XX	XX	XX	XX
FUGLAR						
LOMMAR						
Smålom	<i>Gavia stellata</i>	O	(x)	(x)		
Storlom	<i>Gavia arctica</i>	O	(x)	(x)		
SKARVAR						
Storskarv	<i>Phalacrocorax carbo</i>	O	X	(x)	X	X
HEGRER						
Gråhegre	<i>Ardea cinerea</i>	D	X	X	X	X
ANDEFUGLAR						
Sangsvane	<i>Cygnus cygnus</i>	O	X		X	X
Kortnebbgås	<i>Anser brachyrhynchus</i>	O	(x)		(x)	
Grågås	<i>Anser anser</i>	O	X		X	(x)
Kanadagås	<i>Branta canadensis</i>	D	X	X	X	X
Kvitkinngås	<i>Branta leucopsis</i>	O				
Ringgås	<i>Branta bernicla</i>	O		(x)		
Gravand	<i>Tadorna tadorna</i>	O	(x)			
Mandarinand	<i>Aix galericulata</i>	O		(x)		
Brunnakke	<i>Anas penelope</i>	B	X		X	
Snadderand	<i>Anas strepera</i>	O	(x)			
Krikkand	<i>Anas crecca</i>	D	X	X	X	
Stokkand	<i>Anas platyrhynchos</i>	D	XX	XX	XX	XX
Stjertand	<i>Anas acuta</i>	O	(xx)			
Skjeiand	<i>Anas clypeata</i>	O		(x)		
Taffeland	<i>Aythya ferina</i>	O	(x)			

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Toppand	<i>Aythya fuligula</i>	O	X		X	X
Bergand	<i>Aythya marila</i>	D	X		X	X
Ærfugl	<i>Somateria mollissima</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Havelle	<i>Clangula hyemalis</i>	O	X		X	X
Svartand	<i>Melanitta nigra</i>	O				(xx)
Sjørørre	<i>Melanitta fusca</i>	O				(xx)
Kvinand	<i>Bucephala clangula</i>	O	X		X	X
Siland	<i>Mergus serrator</i>	D	X	X	X	X
Laksand	<i>Mergus merganser</i>	O	X		X	X
ROVFUGLAR						
Havørn	<i>Haliaeetus albicilla</i>	B	X	X	X	X
Myrhauk	<i>Circus cyaneus</i>	O		(x)		
Hønsehauk	<i>Accipiter gentilis</i>	D	X	1-2 par	X	X
Sporvehauk	<i>Accipiter nisus</i>	C	X	X	X	X
Musvåk	<i>Buteo buteo</i>	O			(x)	
Fjellvåk	<i>Buteo lagopus</i>	D	X	X	X	
Kongeørn	<i>Aquila chrysaetos</i>	D	X	3 par	X	X
Fiskeørn	<i>Pandion haliaeetus</i>	O		(x)		
Tårnfalk	<i>Falco tinnunculus</i>	C	X	X	X	
Dvergfalk	<i>Falco columbarius</i>	C	X	X	X	
Jaktfalk	<i>Falco rusticolus</i>	D	X	1 par	X	X
Vandrefalk	<i>Falco peregrinus</i>	D	X	X	X	X
HØNSEFUGLAR						
Lirype	<i>Lagopus lagopus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Fjellrype	<i>Lagopus mutus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Orrfugl	<i>Tetrao tetrix</i>	D	XX	XX	XX	XX
Storfugl	<i>Tetrao urogallus</i>	D	X	X	X	X
TRANEFUGLAR						
Sothøne	<i>Fulica atra</i>	O	(x)			
Trane	<i>Grus grus</i>	O	(xx)			
VADARAR OG MÅSEFUGLAR						
Tjeld	<i>Haematopus ostralegus</i>	D	X	X	X	
Dverglo	<i>Charadrius dubius</i>	O		(x)		
Sandlo	<i>Charadrius hiaticula</i>	D	X	X	X	
Boltit	<i>Charadrius morinellus</i>	D	X	X	X	
Heilo	<i>Pluvialis apricaria</i>	D	XX	XX	XX	
Vipe	<i>Vanellus vanellus</i>	D	X	X	XX	
Polarsnipe	<i>Calidris canutus</i>	O			(x)	
Dvergsnipe	<i>Calidris minuta</i>	O			(x)	
Temmincksnipe	<i>Calidris temminckii</i>	D	X	X	X	
Fjøreplytt	<i>Calidris maritima</i>	D	X	X	X	
Myrsnipe	<i>Calidris alpina</i>	D	X	X	X	
Fjellmyrløper	<i>Limicola falcinellus</i>	O			(x)	
Brushane	<i>Philomachus pugnax</i>	O	X	(xx)	X	
Kvartbekkasin	<i>Lymnocyptes minimus</i>	O			(xx)	
Enkeltbekkasin	<i>Gallinago gallinago</i>	D	X	X	X	
Dobbeltbekkasin	<i>Gallinago media</i>	O			(x)	
Rugde	<i>Scolopax rusticola</i>	C		X	X	
Svarthalespove	<i>Limosa limosa</i>	O	(x)			
Lappspove	<i>Limosa lapponica</i>	O			(x)	
Småspove	<i>Numenius phaeopus</i>	O	(xx)		(xx)	
Storspove	<i>Numenius arquata</i>	O	(xx)	(xx)		
Sotsnipe	<i>Tringa erythropus</i>	O		(x)		
Raudstilk	<i>Tringa totanus</i>	D	X	X	X	
Gluttsnipe	<i>Tringa nebularia</i>	O	(xx)			
Skogsnipe	<i>Tringa ochropus</i>	O			(xx)	
Grønstilk	<i>Tringa glareola</i>	O	(xx)		(xx)	

Norsk namn	Vitskapleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Strandsnipe	<i>Actitis hypoleucos</i>	D	XX	XX	XX	
Symjesnipe	<i>Phalaropus lobatus</i>	D	(xx)	(xx)		
Fjelljo	<i>Stercorarius longicaudus</i>	O		(x)		
Hettemåse	<i>Larus ridibundus</i>	D	X	X	X	
Fiskemåse	<i>Larus canus</i>	D	XX	XX	XX	X
Sildemåse	<i>Larus fuscus</i>	O	X	X	X	
Gråmåse	<i>Larus argentatus</i>	O	XX	XX	XX	XX
Svartbak	<i>Larus marinus</i>	O	X	X	X	X
Makrellterne	<i>Sterna hirundo</i>	O	X	X		
Raudnebbterne	<i>Sterna paradisaea</i>	O	(xx)	(xx)		
DUER						
Ringdue	<i>Columba palumbus</i>	C	X	X	X	(xx)
Tyrkerdue	<i>Streptopelia decaocto</i>	O			(x)	
GAUKAR						
Gauk	<i>Cuculus canorus</i>	D	X	X	X	
UGLER						
Hubro	<i>Bubo bubo</i>	D	X *	X *	X *	X *
Snøugle	<i>Nyctea scandiaca</i>	O	(xx)*	(xx)*	(xx)*	
Haukugle	<i>Surnia ulula</i>	O			(xx)	
Sporveugle	<i>Glaucidium passerinum</i>	O		(x)		
Kattugle	<i>Strix aluco</i>	C	X	ca. 10 par	X	X
Hornugle	<i>Asio otus</i>	O		(x)	(x)	
Jordugle	<i>Asio flammeus</i>	O	(xx)	(xx)		
Perleugle	<i>Aegolius funereus</i>	O			(x)	
SEGLARAR						
Tårnseglar	<i>Apus apus</i>	O		X		
RÅKEFUGLAR						
Hærfugl	<i>Upupa epops</i>	O			(x)	
SPETTAR						
Vendehals	<i>Jynx torquilla</i>	B	(xx)	(xx)	(xx)	
Gråspett	<i>Picus canus</i>	C	X	X	X	X
Grønspett	<i>Picus viridis</i>	C	X	X	X	X
Flaggspett	<i>Dendrocopos major</i>	C	X	X	X	X
Kvitryggspett	<i>Dendrocopos leucotos</i>	C	X	X	X	X
Dvergspett	<i>Dendrocopos minor</i>	C	X	X	X	X
SPORVEFUGLAR						
Fjellerke	<i>Eremophila alpestris</i>	D	X	X	X	
Sandsvale	<i>Riparia riparia</i>	O		X		
Låvesvale	<i>Hirundo rustica</i>	D	X	X	X	
Taksvale	<i>Delichon urbica</i>	D	X	X	X	
Trepiplerke	<i>Anthus trivialis</i>	D	XX	XX	XX	
Heipiplerke	<i>Anthus pratensis</i>	D	XXX	XXX	XXX	
Skjærpiplerke	<i>Anthus petrosus</i>	O			(xx)	(xx)
Gulerle	<i>Motacilla flava</i>	O		(xx)		
Såerle	<i>M. f. thunbergii</i>	O			(x)	
Linerle	<i>Motacilla alba</i>	D	XX	XX	XX	
Svartryggerle	<i>M. a. yarrellii</i>	O		(x)		
Sidensvans	<i>Bombycilla garrulus</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Fossefall	<i>Cinclus cinclus</i>	D	X	X	X	X
Gjerdsmett	<i>Troglodytes troglodytes</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Jernsporv	<i>Prunella modularis</i>	D	XX	XX	XX	
Raudstrupe	<i>Erithacus rubecula</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Blåstrupe	<i>Luscinia svecica</i>	D	X	X	X	

Norsk namn	Vitskapleg namn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Svartraudstjert	<i>Phoenicurus ochruros</i>	D		X		
Raudstjert	<i>Phoenicurus phoenicurus</i>	C	X	X	X	
Buskskvett	<i>Saxicola rubetra</i>	D	X	X	X	
Steinskvett	<i>Oenanthe oenanthe</i>	D	XX	XX	XX	
Ringtrast	<i>Turdus torquatus</i>	D	X	X	X	
Svartrast	<i>Turdus merula</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Gråtrast	<i>Turdus pilaris</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Måltrast	<i>Turdus philomelos</i>	D	XX	XX	XX	
Raudvingetrast	<i>Turdus iliacus</i>	D	XXX	XXX	XXX	(xx)
Busksongar	<i>Acrocephalus dumetorum</i>	O		(x)		
Gulsongar	<i>Hippolais icterina</i>	C	X	X	X	
Tomsongar	<i>Sylvia communis</i>	C	X	X	X	
Hagesongar	<i>Sylvia borin</i>	B	X	X	X	
Munk	<i>Sylvia atricapilla</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Bøksongar	<i>Phylloscopus sibilatrix</i>	O		(x)		
Gransongar	<i>Phylloscopus collybita</i>	C	X	X	X	
Lauvsongar	<i>Phylloscopus trochilus</i>	D	XXX	XXX	XXX	
Fuglekonge	<i>Regulus regulus</i>	C	XX	XX	XX	X
Gråflugesnappar	<i>Muscicapa striata</i>	D	X	X	X	
Svartkvitflugesnappar	<i>Ficedula hypoleuca</i>	D	X	X	X	
Stjertmeis	<i>Aegithalos caudatus</i>	C	X	X	X	X
Lauvmeis	<i>Parus palustris</i>	C	X	X	X	X
Granmeis	<i>Parus montanus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Toppmeis	<i>Parus cristatus</i>	C	X	X	X	X
Svartmeis	<i>Parus ater</i>	C	X	X	X	X
Blåmeis	<i>Parus caeruleus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Kjøtmeis	<i>Parus major</i>	D	XX	XX	XX	XX
Spettmeis	<i>Sitta europaea</i>	D	X	X	X	X
Trekrypar	<i>Certhia familiaris</i>	C	X	X	X	X
Varslar	<i>Lanius excubitor</i>	O			(x)	
Nøtteskrike	<i>Garrulus glandarius</i>	C	X	X	X	X
Skjor	<i>Pica pica</i>	D	XX	XX	XX	XX
Nøttekråke	<i>Nucifraga caryocatactes</i>	C	X	X	X	X
Kaie	<i>Corvus monedula</i>	O	(x)			
Kornkråke	<i>Corvus frugilegus</i>	D	(x)			(x)
Kråke	<i>Corvus corone cornix</i>	D	XX	XX	XX	XX
Svartkråke	<i>C. c. corone</i>	O	(x)			
Ravn	<i>Corvus corax</i>	D	X	X	X	X
Stare	<i>Strnus vulgaris</i>	D	XX	XX	XX	
Gråspurv	<i>Passer domesticus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Pilfink	<i>Passer montanus</i>	O				(xx)
Bokfink	<i>Fringilla coelebs</i>	D	XXX	XXX	XXX	(xx)
Bjørkefink	<i>Fringila montifringilla</i>	D	XX	XX	XX	
Grønfink	<i>Carduelis chloris</i>	C	XX	XX	XX	X
Grønsisik	<i>Carduelis spinus</i>	C	XX	XX	XX	(xx)
Bergirisk	<i>Carduelis flavirostris</i>	C	X	X	X	
Brunsisik	<i>Carduelis cabaret</i>	C	?	?	?	?
Gråsisik	<i>Carduelis flammea</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Grankorsnebb	<i>Loxia curvirostra</i>	C	X	X	X	X
Furukorsnebb	<i>Loxia pytyopsittacus</i>	C	X	X	X	X
Konglebit	<i>Pinicola enucleator</i>	O				(xx)
Dompap	<i>Pyrrhula pyrrhula</i>	C	X	X	X	X
Kjernebiter	<i>Coccothraustes coccothraustes</i>	O				(x)
Lappspurv	<i>Calcarius lapponicus</i>	D	X	X	X	
Snøspurv	<i>Plectrophenax nivalis</i>	D	X	X	X	
Gulspurv	<i>Emberiza citrinella</i>	C	(xx)	(xx)	(xx)	
Sivspurv	<i>Emberiza schoeniclus</i>	D	X	X	X	

Norsk namn	Vitskapleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
PATTEDYR						
INSEKTETARAR						
Piggsvin	<i>Erinaceus europaeus</i>	D	X	X	X	X
Vanleg spissmus	<i>Sorex araneus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Dvergspissmus	<i>Sorex minutus</i>	C	XX	XX	XX	XX
Vannspissmus	<i>Meomys fodiens</i>	C	X	X	X	X
FLAGGERMUS						
Vannflaggermus	<i>Myotis daubentonii</i>	C	X	X	X	X
Nordflaggermus	<i>Eptesicus nilssonii</i>	C	XX	XX	XX	XX
Langøyreflaggermus	<i>Plecotus auritus</i>	D	X	X	X	X
ROVDYR						
Ulv	<i>Canis lupus</i>	O*				
Raudrev	<i>Vulpes vulpes</i>	D	XX	XX	XX	XX
Fjellrev	<i>Alopex lagopus</i>	D	X	X	X	X
Bjørn	<i>Ursus arctos</i>	O*				
Mink	<i>Mustela vison</i>	D	X	X	X	X
Røyskatt	<i>Mustela ereminea</i>	D	XX	XX	XX	XX
Snømus	<i>Mustela nivalis</i>	D	X	X	X	X
Mår	<i>Martes martes</i>	D	X	X	X	X
Oter	<i>Lutra lutra</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)
Jerv	<i>Gulo gulo</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Gaupe	<i>Lynx lynx</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
SELAR						
Steinkobbe	<i>Phoca vitulina</i>	O	X	X	X	X
KVALAR						
Nise	<i>Phocoena phocoena</i>	O	X	X	X	X
HJORTEDYR						
Hjort	<i>Cervus elaphus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Elg	<i>Alces alces</i>	C	X	X	X	X
Rådyr	<i>Capreolus capreolus</i>	B	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Villrein	<i>Rangifer tarandus</i>	D	XX	XX	XX	XX
HAREDYR						
Hare	<i>Lepus timidus</i>	D	XX	XX	XX	XX
GNAGARAR						
Ekorn	<i>Sciurus vulgaris</i>	D	XX	XX	XX	XX
Brunrotte	<i>Rattus norvegicus</i>	?				
Lita skogmus	<i>Apodemus sylvaticus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Markmus	<i>Microtus agrestis</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Fjellrotte	<i>Microtus oeconomus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Klatremus	<i>Clethrionomys glareolus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Gråsidemus	<i>Clethrionomys rufocanus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Lemen	<i>Lemmus lemmus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX

VEDLEGG 2. KART


Informasjonen frå viltkartlegginga er samla i fire kart (sjå også s. 11): 1) Småvilt, 2) Hjortevilt, 3) Ikkje offentlege opplysningar og 4) Prioriterte viltområde. Alle karta finst i plotta utgåve hjå heradet. Av tekniske og økonomiske grunnar er berre to av karta lagt ved denne rapporten, begge i A4 format. Hjorteviltkartet er vedlagt fordi dette er eit tema mange har spesiell interesse for og prioriteringskartet fordi dette er det overordna viltkartet i plansamanheng. I tillegg er det lagt ved eit kart som viser utbreiinga av skog og jordbruksareal i heradet, noko som er viktig i forhold til å kunne forutsjå og forklare førekomsten av ulike viltartar. A4 formatet er lite detaljert, men gir likevel grunnlag for ei grov oversikt over viktige viltområde. Grensene for dei fleste viltområda er skjønsmessige og skarpe grenser finst sjeldan i naturen. Unntak gjeld førekomst av artar som til visse tider av året er knytte til spesielle og velavgrensa leveområde som t.d. våtmarker og hekkeholmar. Spesielt interesserte vil kunne få tilgang til kart i større målestokk ved å henvende seg til heradet.

Ulvik herad

Skog og jordbruksareal

- Lauvskog
- Bar- og blandingskog
- Jordbruksareal

Barskogen i Ulvik er opphavelg furu, men om lag halve barskogsarealet er no planta gran.




Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50), Geovekst/NIJOS (DMK)

Ulvik herad

Hjortevilt


- Elg, vinterbeite
- Hjort, vinterbeite
- Hjort, trekkveg
- Villrein, kalvingsområde
- Villrein, trekkveg
- Villrein, beiteområde



Ulvik herad

Prioriterte viltområde

-  Svært viktig
-  Viktig
-  Lauvskog
-  Furu- og blandingskog
-  Jordbruksareal
-  Område verna etter Naturvernlova



Dei store prioriterte viltområda i austlege fjellområde gjeld først og fremst villrein og fjellrev. Fjellreven har lenge vore utryddingstruga, og villreinen har Noreg eit særskilt forvaltingsansvar for. Det er særleg villreinen det er viktig å ta omsyn til ved inngrep i fjellområda på og rundt Hardangervidda/Nordfjella.

ISBN 82-8060-002-7
ISSN 0804-6387